OSTERØY KOMMUNE

ÅRSBUDSJETT 2015

Vedteke i heradsstyret
HS-sak 050/14



Innhald

Innhald 2
Rådmannen sitt føreord 4
Generelle føresetnader for budsjettarbeidet 7
Bakgrunn og status for budsjett og økonomiplanarbeidet 7
Lovreglar 7
Organisering av arbeidet og vedtak 7
Organisatoriske verkemidlar og spelereglar. 7
Fordelingsfullmakter 7
Overordna visjonar og målsetjingar 8
Strategiske mål 2015 8
Visjon og verdiar for den kommunale organisasjonen 9
Målstyring 9
Folketalsutvikling 9
Driftsbudsjettet – økonomiske rammer 12
Inntektsutvikling – sentrale inntektspostar 12
Utgiftsutvikling 15
Netto driftsresultat og oppsamla underskot - utvikling 2007 – 2015 17
Politisk organisering 18
Overordna administrativ organisering 19
Årshjulet 20
Helse, omsorg og sosial 22
Osterøytunet 27
ReHab- og aktivitetsavdeling (Ergo- og fysioterapi) 29
Heimetenesta 31
Bu og Avlastningstenesta 33
Psykisk helse og rusomsorg 34
Brukarstyrt personleg assistent 36
Støttekontakt 36
Omsorgsløn 37
NAV - sosial 37
Legetenesta 39
Oppvekst, undervisning og kultur 40
Grunnskule 46
Skulefritidsordninga 50
Barnehage 51
Familiens hus 54
Helsestasjon og skulehelsetenesta 56
Vaksenopplæring 57
Bibliotek 59
Kulturskulen 61
Miljø og teknikk 64
Brann og redning 65
Drift 66
Miljø og teknikk - sjølvkost 68
Rådmannen med stabsseksjonar 69
Plan 70

Teknisk forvaltning 72
Service, informasjon og dokument 73
Politisk-admin. sekretariat 75
Løn, personal og organisasjon 76
Økonomi 77
Reinhaldstenesta 78
Samfunnsmedisinsk eining 78
Sentrale postar 81
Forklaring/kommentar: 81
Kyrkjeleg fellesråd: 81
Pensjonskostnad - Premieavvik 81
Meirverdiavgiftskompensasjon 82
Diverse 82
Investeringar 2014 83
Korte kommentarar til investeringsplanen 87
Obligatoriske oppstillingar - drift 93
Skjema 1A og 1B: 93
Økonomisk oversikt drift 95

Vedlegg:

- Årsmelding 2013
- Økonomiplan 2015 – 2018
- Kommunebarometer 2014
- Brev frå Osterøy kyrkjelege fellesråd
- Rammer med historiske tal for einingane
- Budsjettnotat IKT-NH
- Budsjettnotat IKT-strategi
- Låneportefølja
- Budsjett 2015 Nordhordland kemnerkontor

Rådmannen sitt føreord

Innleiing
Framlegget til årsbudsjett byggjer på økonomiplanen 2015 -2018, som vart handsama tidlegare i haust.

I 2013 vart det gjort omfattande strukturelle endringar i m.a. skule og heimetenesta. Budsjettet for 2014 vart og eit særs krevjande budsjett med tanke på nedbetaling av tidlegare års oppsamla underskot over driftsbudsjettet, noko også økonomirapporteringa gjennom året har vist.

Budsjettet for 2015 viser at dei tiltak som har vore gjennomført tidligare har vore naudsynte. Utan endringane i driftsnivå og driftsutgifter, samt endringane på inntektssida ville situasjonen for 2015 vore kritisk og vanskeleg å handtere. Det er òg positivt at vi ser tydeleg effekt av den krevjande omstillinga som er gjennomført dei seinare åra.

Reelt sett er driftsbudsjettet for tenestene i 2015 lågare enn budsjettet for 2014 når ein tek omsyn til løn- og prisvekst. Dette gir sjølvsagt store utfordringar.

Rådmannen vurderer den økonomiske situasjonen for Osterøy som krevjande. For å sikre ein robust økonomi framover, er det naudsynt at kostnadsnivået i tenestene vert halde nede, slik at ein greier å finansiere eit økonomisk handlingsrom som gjer at ein kan tåle små endringar på kostnads- eller inntektssida (renteauke, skatteinngang, nye tenester som må ytast akutt, m.m.) utan å måtte kutte i andre tenestetilbod. Ein har og behov for å få eit budsjett som kan handtere noko risiko, samt sikre seg ein generell økonomisk buffer og eigenkapital til investeringar.

Oppsamla underskot
Det oppsamla driftsunderskotet i kommunen var på kr 11,3 millionar pr 01.01.14. Ein reknar så langt med å gå inn i 2015 utan driftsunderskot. Ein har difor von om at kommunen no skal kome ut av ROBEK-lista. Eit vedtak frå fylkesmannen om dette kan ikkje ventast før nærare sommaren 2015. Fylksmannen vil gjera vedtak på grunnlag av nedbetalinga av oppsamla driftsunderskot, og at ein har vedteke eit budsjett som gir realistisk tru på at ein unngår å opparbeide nye driftsunderskot.

Netto driftsresultat
Rådmannen legg opp til eit netto driftsresultat for 2015 på om lag kr 2,1 millionar. Dette er lågt i forhold til den nasjonale tilrådinga på ca. 3 % eller om lag kr 16 millionar. Likevel er det for første gong på mange år lagt til rette for at ein kan starta oppbygging av ein økonomisk buffer i Osterøy kommune.

Eigedomsskatt
I 2014 har Osterøy kommune eigedomsskatt med ein sats på 6 promille for bustad- og fritidshus, og 7 promille (maksimalsats) for andre eigedomar. Budsjettframlegget er basert på ein eigedomsskattesats i tråd med føresetnadene i vedteken økonomiplan på 4 promille. Endeleg vedtak i heradsstyret: 5 promille for bustad- og fritidseigedomar.

I høve til eigedomsskatten sin verknad for innbyggarane er det viktig å ha med seg at realverdien sidan innføringa er redusert med om lag 20%, dersom ein legg til grunn om lag 3 % årleg inflasjon.

Tenestetilbod
Det er ikkje planlagt store strukturelle grep i tenestene i 2015 som vil få verknad for tenestemottakarane. I staden vil det verta eit særskilt fokus på kostnadsstyring og å nytte eksisterande ressursar på betre måtar.

Ein vil fortsette arbeidet med å systematisere tenesteproduksjonen. Kompetansen hjå den enkelte blir da i større grad ein del av organisasjonens samla systemkompetanse. Noko som etter kvart vil gje eit meir robust tenestetilbod.

Den største satsinga i 2015-budsjettet er tilrettelegging og oppfølging av mottak av flyktningar. Osterøy kommune vil ta i mot 9 flyktningar før årsskiftet, medan 6 vil komme like etter. Desse vil delta i introduksjonsprogrammet som startar opp i januar. Ein vil i løpet av 2015 ta i mot ytterlegare 15 flyktningar.

Osterøy kommune har over lengre tid hatt vekst i andelen elevar som får spesialundervisning. I budsjettet er det difor lagt til rette for noko større vikarbudsjett for barnehagar og skular. Dette vil sikre at ein i større grad har ei betre grunnbemanning ved sjukefråvær. Rådmannen legg til grunn at dette skal gje noko betre handlingsrom for førskulelærarar og lærarar til å ta tak i utfordringar hjå den einskilde elev, før desse blir ei sak for spesialpedagogisk utgreiing og påfølgjande tiltak.

Vidare har ein i budsjettet prioritert midlar til kjøp av plankompetanse for å få ferdigstilt områdeplanen for Valestrand og reguleringsplanen for Vesetgjelet, oppstart og arbeid med områdeplan for Lonevåg, samt moglegheit til å starte opp områdeplanen for Haus/Åsheim.

Avsette vedlikehaldsmidlar i budsjettet er ikkje nok til å sikra at det ikkje kan bli eit etterslep på vedlikehald av kommunale vegar og bygg.

Sektor for helse og omsorg har som andre tenester relativt mindre ressursar i 2015 enn i 2014. Ein finn difor ikkje rom til å realisere einskilde tiltak i Helse og omsorgsplanen slik dei er vedtekne i planen.

Investeringar
Osterøy kommune vil halde fram med eit intensivt investeringsprogram innan vatn og avlaup. I tillegg vil utvidinga av Lonevåg skule bli ferdig hausten 2015. Ein planlegg mellom anna oppstart av Hauge/Valestrand skule, nye omsorgsbustadar og utbetring av Njåstadvegen. Samla sett er det lagt inn eit stort investeringsprogram.

Investeringar i vatn og avlaup vert finansiert med avgifter, og dei vil i åra som kjem bli høgare. I byte for desse auka avgiftene vil ein større del av innbyggjarane i Osterøy få tilgang til offentleg vatn- og avlaupsnett. Dette vil òg legge til rette for bustadbygging og folketalsvekst.

Noko av rentekostnadane i forbindelse med skuleutbyggingane vert dekka av statlege rentekompensasjonsordningar. Skulane vil få oppgraderte fasilitetar og kapasitet til å ta i mot

venta elevtalsvekst. Til investeringar i omsorgsbustadar er det òg betydelege støtteordningar gjennom Husbanken. Til tross for dette treng ein, på litt lengre sikt, å skape rom i budsjettet til større avdrags- og rentekostnadar enn i 2015- budsjettet.

Robust økonomi
I budsjettet for 2015 er det ikkje lagt inn tilstrekkeleg reserve til å dekke opp for uføresette hendingar som gjev meirutgift, om det ikkje samstundes skjer noko som reduserer andre driftsutgifter eller aukar pårekna inntekter. Samla vil rådmannen likevel vurdera at det er mindre risiko for budsjettoverskridingar i 2015 enn i 2014 på tenesteområda.

Generelle føresetnader for budsjettarbeidet

Bakgrunn og status for budsjett og økonomiplanarbeidet

Budsjettprosessen har vore ein rein administrativ prosess fram til rådmannen sin presentasjon av budsjettarbeidet for heradsstyret.

Prosessen har teke utgangspunkt i vurdering og analyse av kor mykje midlar kommunen kan venta å ha til disposisjon basert på føresetnader frå framlagt statsbudsjett for 2015.

Budsjettet er ferdig saldert, slik det er krav om.

Lovreglar

Kommunelova set dei lovmessige rammene for kommunen sitt budsjettarbeid. Kommunen si plikt til å utarbeide og vedta budsjett for det komande året er nedfelt i kommunelova § 45. Det er eit ufråvikeleg krav at inntektene og utgiftene er i balanse.

Organisering av arbeidet og vedtak

Ein har i budsjettarbeidet teke utgangspunkt i føresetnader og rammer for 2015 gjeve i Økonomiplanen. Føresetnadene er vurdert på ny etter at statsbudsjettet vart lagt fram. Framskriving av aktiviteten på dei ulike einingane og sektorane er vurdert i høve til rammene gjevne i økonomiplanen, og justert på bakgrunn av samla økonomi.

Formannskapet vart 15. oktober orientert om overordna vurderingar som ligger til grunn for kva midlar som er disponible for drift av tenestene. Heradsstyret fekk ei kortare oppsummering av dette i møtet 29. oktober. Formannskapet handsama budsjettsaka i møte 12. og 19. november. Formannskapet si innstilling til vedtak vert lagt til ålment ettersyn i 14 dagar før handsaming og vedtak i heradsstyret 10. desember.

Organisatoriske verkemidlar og spelereglar.

Organisasjonen opplever stort press som følgje av tronge økonomiske rammer, og dette medfører gjennomgang av kvalitetsnivå, effektivisering og omorganiseringar. Ein naturleg følgje av dette er at einskilde tilsette kan få endra arbeidsoppgåver. Ein legg vinn på å oppnå eit godt samarbeid med organisasjonane og dei tilsette i eventuelle omstillingssaker.

Fordelingsfullmakter

Dei gjevne rammene for rammeområda er absolutte og det er tidlegare vedteke at overskridingar på eit rammeområde skal dekkast inn på same rammeområde. Endringar på rammenivå kan berre gjerast av heradsstyret. Den løpande oppfølginga av budsjettet frå politisk nivå vert tillagt formannskapet. Likevel slik at det minimum 2 gonger i løpet av

budsjettåret skal fremjast eigne saker til heradsstyret som omhandlar kommunen sin økonomiske situasjon, samt kvalitet og omfang på det kommunale tenestetilbodet i høve til vedtekne mål.

I utøving av fordelingsfullmakta kan formannskapet ikkje fatte vedtak som er i strid med budsjett/ økonomiplan fatta i heradsstyret. Dette gjeld både i forhold til dei tala som er vedtekne og dei premissar/vedtak som fylgjer av teksten.

Både formannskapet og rådmannen har eit særskilt ansvar i høve til å avdekke og setje i verk tiltak. Dette omfattar også mellombels stopp av tiltak som ein meiner bør handsamast på nytt i heradsstyret på grunn av den økonomiske situasjonen i kommunen. Ved mellombels stopp skal det snarast råd fremjast eigne saker til heradsstyret knytt til dei tiltaka som er sett i verk.

Overordna visjonar og målsetjingar

Kommunen sine overordna visjonar og målsetjingar er nedfelt i kommuneplanen sin samfunnsdel (denne er no under rullering). Kommunen sine overordna visjonar er:

- Osterøy skal vera ein god kommune å veksa opp i, der innbyggjarane i alle livsfasar vert sikra høg livskvalitet og gode bustadmiljø.
- Osterøy kommune skal ta vare på og vidareutvikla sin særprega nærings- og busetnadsstruktur.
- Osterøy skal vera ein føregangskommune når det gjeld tenesteyting, økonomisk forvaltning og kommunikasjon i ein desentralisert struktur.

Få å kunne oppnå desse visjonane, har ein i kommuneplanen definert prioriterte oppgåver/mål innom følgjande 5 tema/område:

- Senterstruktur
- Bustadreising
- Kommunikasjonar
- Barn og unge
- Økonomi

Strategiske mål 2015

Ein ventar å vere kvitt kommunen sitt oppsamla driftsunderskot ved inngangen til 2015. For 2015 vil det verte viktig å stabilisere situasjonen, og starte arbeidet med å legge til rette for ein robust økonomi.

For 2015 vil ein særskilt prioritere:

1. Lågare kostnader enn inntekter – starta med å byggja opp ein økonomisk buffer.
2. Tidleg innsats i tenestene.
3. Førebu kommunen til befolkningsvekst når brua er nedbetalt.

Visjon og verdiar for den kommunale organisasjonen

Til rettleiing i det daglege arbeidet for den einskilde tilsette, både med tanke på samhandling med andre tilsette og med innbyggjarane/brukarane, har den kommunale organisasjonen samla seg om ein overordna visjon og 4 verdiar.

Visjon:

Saman om gode tenester

Verdiar:

- Respekt
- Omsorg
- Tydeleg
- Ærleg

Visjonen og verdiane skal gjennomsyre arbeidet til den enkelte tilsette.

Målstyring

Det er behov for revisjon og oppdatering av målarbeidet i kommunen, der målsetjingar og rapportering på mål vert sett i system på alle nivå. Dette er eit omfattande og viktig arbeid som kommunen arbeidar vidare med i planperioden.

Målstyringssystemet skal vere både eit styrings- og rapporteringssystem og ein metodikk for organisasjonslæring og forbetring. Dette skal skje gjennom dialog med dei sentrale aktørane i verksemda, "så " visjonane, skape dialog rundt kritiske suksessfaktorar på brei basis, og vere samde om korleis ein målar resultatoppnåing. Det å gje honnør ved gode resultat og merksemd ved dårlege vil stå sentralt.

Dei einskilde tenestene har utvikla eigne indikatorar som grunnlag for måle ei positiv eller negativ utvikling i tenestekvaliteten. Samstundes har me indikatorar som er like for alle tenesteområde. Desse er:

- Budsjettavvik
- Sjukefråver
- Alle medarbeidarar skal ha medarbeidarsamtale.

I budsjettet er indikatorane målsett med eit mål for 2015 og eit langsiktig mål (2018) for utviklinga i tenesta.

Folketalsutvikling

Osterøy har ein gjennomsnittleg vekstrate på 0,77 % dei siste 10 åra og hadde ved utgangen av 2013, 7786 innbyggjarar. Dette gjev ein auke på 1,46 % siste år.



Auken i folketalet kjem hovudsakleg frå innflytting. Om vi ser på tala frå 2012, så er det flytta inn 379 personar til kommunen. I hovudsak kjem desse frå Bergensregionen eller Nordhordlandsregionen (67 % av tilflyttarane). Utanlandske innflyttarar utgjer 70 personar (18 % av tilflyttarane). Personar med opphav i Polen utgjer med god margin den største andelen av personar busett på Osterøy med utanlandsk bakgrunn (ca. 529 personar) medan personar med bakgrunn frå Litauen er den nest største gruppa.



Befolkningsframskrivingane er henta frå Hordaland fylkeskommune sine generelle framskrivingar. Desse er høgare enn SSB sine framskrivingar, men sistnemnde har vist seg å vera for låg ut frå den veksten som har vore i kommunen siste åra.

Deler vi denne veksten opp på aldersgrupperingar som er viktige for den kommunale tenesteutviklinga, får vi slikt bilete om folketalsfordelinga:

	Auke/minke i talet i kvar enkelt aldersgrupper frå førre år.						
Aldersgrupper	**2015**	**2016**	**2017**	**2018**	**2019**	**2020**	**Endringar 2015 – 2020**
0	3	4	4	5	4	4	**24**
1-5	26	-1	30	25	5	20	**105**
6-12	-18	8	-10	7	41	18	**46**
13-15	-7	15	-9	-9	-23	1	**-32**
16-19	8	-18	1	-19	1	6	**-21**
67-79	46	45	39	27	30	40	**227**
80 og eldre	-6	-4	-1	-6	-2	+6	**-13**

Tabell 1. Prognose for forventa auke i ulike aldersgrupper (kjelde: statistikk.ivest.no)

Det er tidleg ein vekst i talet på barnehageborn, mens det er først på lang sikt ein vil få fleire elevar enn kva ein har i dag. Både på kort og lang sikt er det ein vekst i talet på vaksne, noko som skulle tilseie at behovet for bustader og arbeidsplassar vil vera aukande.

Andelen eldre i høve til andelen personar i arbeidsfør alder er relativ jamn. Talet på personar i begge desse gruppene vil veksa framover. Det vil imidlertid vere ein vekst i absolutte tal når det gjeld eldre over 80+ år på 183 personar fram mot 2030.

Driftsbudsjettet – økonomiske rammer

Inntektsutvikling – sentrale inntektspostar

Dette kapitlet omhandlar dei sentralt førte inntektspostane skatt og rammetilskot, eigedomsskatt, mva-kompensasjon, finansinntekt og andre generelle statstilskot. Storleiken på desse inntektspostane vert ført i budsjettskjema 1A og avgjer kor mykje midlar kommunen har høve til å fordele på nettorammene til dei ulike sektorane (budsjettskjema 1B).

Skatt og rammetilskot



Skatt og rammetilskot er dei største og viktigaste inntektspostane for kommunen, og utgjer over 70 % av driftsinntekta.. Såleis er kommunen svært avhengig av positiv utvikling, og svært sårbar for negativ utvikling.

Det er i framlegget til statsbudsjett for 2015 lagt til grunn ein nominell auke i kommunane si samla inntekt frå skatt og rammetilskot med 4,8 % i høve pårekna nivå for 2014, men med store variasjonar mellom kommunane. For Osterøy vert det i budsjettet lagt til grunn ein nominell auke med om lag 4,0 % i høve til venta inntekt 2014.

- Det kommunale skatteøyret vert redusert frå 11,4 % i 2014 til 11,25 % i 2015.

Samla inntekt frå skatt og rammetilskot i Osterøy er sett i samsvar med resultatet i reknearkmodellen til KS, på bakgrunn av tala frå statsbudsjettet. Rammetilskotet inkluderer både inntektsutjamning og utgiftsutjamning mellom kommunane.

- Inntektsutjamning skal jamne ut forskjellar i skatteinntekt mellom kommunane.
- Utgiftsutjamning skal jamne ut forskjellar i utgiftsbehov mellom kommunane.

Utgiftskompensasjon
Ein viktig faktor i høve til budsjetteringa, er innbyggjartal med fordeling på aldersgrupper og andre tilhøve som er lagt til grunn å påverke utgiftsbehovet til ein kommune. Endringar i samansetninga av befolkninga kan gje store utslag på utgiftsutjamninga i rammetilskotet, samt at endra innbyggjartal gjev endra innbyggartilskot.

Utviklinga har vore negativ for Osterøy når det gjeld utgiftsutjamninga. Frå å ha eit utrekna utgiftsbehov på meir enn 10 % over gjennomsnittet i 2010 er utrekna utgiftsbehov på 4,56 % over gjennomsnittet i 2015. I tillegg aukar trekket på grunn av privatskuleelevar, og utgjer i 2015 kr 7,4 millionar. Dette fører til at samla utgiftskompensasjon i rammetilskotet er meir enn kr 13 millionar lågare i 2015 enn i 2010. Bakgrunnen for dette, utanom auka trekk for privatskular, er at kostnadsnøklane for utgiftsutjamninga vart endra i 2011. Endringa som er gjennomført og den konkrete utviklinga i Osterøy i høve til landet samla har såleis medført svært stor inntektsnedgang.

Samla for skatt og rammetilskot:

Budsjettvedtak 2015:	kr 385,9 millionar
Prognose 2014:	kr 379,2 millionar
Rekneskap 2013:	kr 367,5 millionar

Eigedomsskatt

Utvikling i inntekt frå eigedomsskatt 2006 - 2015 (årleg endring i %):



Osterøy kommune skriv ut eigedomsskatt i 2015 med heimel i eigedomsskattelova §§ 2 og 3 på faste eigedomar i heile kommunen.

Alminneleg eigedomsskattesats i Osterøy kommune er 7 promille.

Differensiert skattesats for eigedomar med sjølvstendige bustaddelar er i vedteke til 5 promille.

Den same satsen skal leggast til grunn for fritidsbustadar. Satsen for bustad- og fritidseigedomar har i åra sidan innføringa av alminneleg eigedomsskatt variert mellom 3 og 6 promille. Inntekta frå eigedomsskatt er i hovudsak basert på takstar som er fastsett på takseringstidspunktet. Med same skattepromille år for år, vil verdien av inntekta gradvis verte spist opp, og held såleis ikkje følgje med pris- og lønsvekst. Ei inntekt på t.d. kr 13,5 millionar vil med ein løns- og prisvekst på 3 % vere kr 405 000 mindre verdt året etter. Over 7 år er såleis om lag kr 2,8 millionar av eigedomsskatteinntekta spist opp av løns- og prisvekst. Dette må kompenserast med anna inntekt eller utgiftsreduksjon. Nye eigedomar og nybygg som vert taksert og får utskrive e-skatt er med på å kompensere dette inntektstapet.

Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert kr 0, same som tidlegare.

Eigedomsskatten for 2015 forfell til betaling i **3** terminar:**, 31.03, 31.07 og 30.11.**

Kompensasjon for meirverdiavgift (mva)

Ordninga medfører ein generell kompensasjon for kommunane sine utgifter til meirverdiavgift. Ordninga kom i 2004 og vart finansiert gjennom at kommunane sine rammetilskot vert redusert tilsvarande venta auke i refusjon for meirverdiavgift. I tillegg vart gamal ordning avvikla og innlemma i den nye.

Det er no kun mva-kompensasjon frå driftsutgifter som vert inntektsført i driftsrekneskapen.

Budsjettvedtak 2015:	kr 11,4 millionar
Budsjett 2014:	kr 10,8 millionar.
Rekneskap 2013:	kr 12,0 millionar.

Mva-kompensasjonen i 2013 var «ekstra» høg, m.a. grunna høge rekneskapsførte utgifter knytt til felles IKT i Nordhordland. Såleis er det venta lågare mva-kompensasjon både i 2014 og 2015 enn i 2013.

Renteinntekt og avkastning

Renteinntektene til kommunen er i hovudsak knytt til følgjande element:

* Løpande renteinntekt/avkastning på ledig likviditet
* Renter frå utlån
* Provisjon for garantiar til andre
* Utbytte

Langsiktig plasserte finansielle omløpsmidlar er avvikla. Dette gjev mindre høve til høg avkastning, men òg mindre risiko for negative avvik i høve budsjetteringa.

Auka investeringsaktivitet, spesielt knytta til sjølvkostområda, der opplånte midlar i liten grad har vorte brukt til no, vil medføre auka bruk av midlane og dermed strammare likviditet. I framlegget er difor inntektsbudsjettet for rente/avkastning justert ned.

Budsjettvedtak 2015:	kr 3,1 millionar
Budsjett 2014:	kr 4,5 millionar.
Rekneskap 2013:	kr 5,3 millionar.

Andre generelle tilskot

Denne posten omfattar i hovudsak kompensasjon frå staten som følgje av at kommunen har bygd ut tenestetilbodet som ein del av statlege handlingsplanar. Dette gjeld mellom anna i høve til eldrereforma, psykiatri og grunnskulereforma (skulestart frå 6 år). Desse tilskota er knytt til spesifikke rentevilkår og vil svinga år for år i høve til rentenivået, på same måte som renteutgifta til kommunen svingar med rentenivået for lånegjeld.

Posten vil auka når nye/utvida skulebygg med rentekompensasjon vert ferdigstilt.

Budsjettvedtak 2015:	kr 4,5 millionar.
Budsjett 2014:	kr 4,0 millionar.
Rekneskap 2013:	kr 3,6 millionar.

Utgiftsutvikling

Lønsvekst

Det er i budsjetteringa lagt til grunn at det vert ein årslønsvekst på om lag 3,3 %. I sektorane sine budsjett ligg lønsmidlar knytt til lønsnivået frå oppgjeret i 2014 med overheng til 2015, medan det er lagt midlar til lønsoppgjeret for 2015 i eigen lønsreserve.

Lønsreserve for 2015 er lagt inn med kr 4,3 millionar.

Oversyn budsjettert lønsvekst 2015

Overheng frå 2014 (einingane)	2,0 %
Lønsoppgjer pr 1.5 (lønsreserve)	1,1 %
Lønsgliding (einingane)	0,2 %
= Samla pårekna lønsvekst	**3,3 %**

Tilsvarande oppsett for budsjettet for 2014 var:

Oversyn lønsvekst

Overheng frå 2013 (einingane)	0,4 %
Lønsoppgjer pr 1.5 (lønsreserve)	2,9 %
Lønsgliding (einingane)	0,2 %
= Pårekna lønsvekst	**3,5 %**

Oppsett frå KS etter lønsoppgjeret 2014 syner ein pårekna lønsvekst på 3,1 %. Avviket skuldast lågare lønsoppgjer enn budsjettert samt seinare verknadstidspunkt for læraroppgjeret etter streiken.

Prisvekst

Forventa prisvekst er i framlegget til statsbudsjett for neste år sett til 2,5 %.

Prisindikatoren/deflatoren, dvs vekta gjennomsnitt av løns- og prisvekst, er sett til 3,0 % i statsbudsjettet. Her utgjer pårekna lønsvekst 3,3 %

Pensjonspremie

Inkludert AFP kostnad, er det lagt til grunn følgjande premiesatsar (kommunal del):

Pensjonsutgift tilsette på kommunale vilkår	17,50 % (Kommunal landspensjonskasse)
Sjukepleiarordninga	19,00 % (Kommunal landspensjonskasse)
Tilsette på statlege vilkår	11,55 % (Statens pensjonskasse)

Premiebetaling vert utgiftsført på einingane der dei tilsette si løn vert ført.

Avdrag

Kommunelova sine reglar om minimumsavdrag set krav om at resterande løpetid for kommunen si samla gjeld ikkje skal overstige den veide levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved siste årsskifte. I tillegg kjem at budsjetterte avdrag skal dekke det faktiske avdraget. Den veide resterande levetida er rekna til om lag 28 år. Vidare har fylkesmannen, i samband med at kommunen er underlagt statleg godkjenning (Robek-lista) sett som minimum at kommunen årleg betalar 3,5 % avdrag av relevant låneportefølje.

I budsjettet for 2015 er det lagt inn kr 12,2 millionar i årleg avdrag.

Lånegjeld eks formidlingslån er venta å verte om lag kr 309 mill pr 31.12.14. Budsjettert avdrag utgjer såleis 3,9 %.

Lånerente

I framskrivinga av låneporteføljа har ein lagt til grunn ei gjennomsnittleg budsjettrente i 2015 på 2,14 %. Fastrenteavtalar er rekna med den eksakte renta så langt det er avtalt.

Inndekning av meirforbruk frå tidlegare år

Kommunen har pr dato framleis eit stort samla underskot frå tidlegare år. Pr 31.12.13 var akkumulert underskot kr 11,3 millionar. I budsjettframlegget er det lagt til grunn at underskotsdekninga vert gjennomført i tråd med justert budsjett, dvs at heile underskotet vert dekka. Dette er svært usikkert. Det er difor nødvendig å budsjettere med eit overskot/avsetjing som kan nyttast som underskotsdekning, dersom det vert nødvendig.

Netto driftsresultat og oppsamla underskot - utvikling 2007 – 2015



Diagrammet syner utviklinga i 3 nøkkeltal (tal i mill. kr):

Netto driftsresultat er det viktigaste økonomiske nøkkeltalet for ein kommune, og framkjem i rekneskaps-/budsjettoversynet Økonomisk oversikt drift. Netto driftsresultat tek omsyn til alle utgifter og inntekter som påløper i løpet av året, men påverkast ikkje av avsetjingar til fond, bruk av fond, eller disponeringar av resultat frå tidlegare år.

Netto driftsresultat påverkast altså kun av påløpt inntekt og utgift i det aktuelle rekneskaps- og budsjettåret, og påverkast ikkje av disponeringar av inntekt, utgift eller resultat knytt til tidlegare eller seinare år.

Korrigert netto driftsresultat er netto driftsresultat korrigert for mva-kompensasjon frå investeringar og premieavvik pensjon. Desse 2 postane påverkar ofte netto driftsresultat mykje i mange kommunar, og fører til at Netto driftsresultat ikkje vert så relevant i høve til å vurdere driftsresultatet det einskilde år samt over tid. Korrigert netto driftsresultat vil ofte vere eit meir relevant nøkkeltal, men vert ikkje synleggjort i dei obligatoriske rekneskaps- og budsjettoversyna slik Netto driftsresultat blir.

Oppsamla underskot syner rekneskapsmessig underskot (meirforbruk) pr 31.12 det einskilde år. Dette underskotet må dekkast gjennom drifta seinare år og avgrensar såleis handlingsrommet framover. I oversynet er det lagt til grunn at ein klarar å dekkje inn alt oppsamla underskot i løpet av 2014, slik som det er budsjettert.

Politisk organisering



Komité for oppvekst, idrett og kultur arbeider med saker innanføre saksfeltet oppvekst, idrett og kultur, og innstille til formannskap og heradstyre. Plan- og kommunalteknisk utval tar avgjersler i saker innaføre området plan og kommunalteknikk eller innstille nemnte saker til formannskap og heradstyre.

Overordna administrativ organisering

Osterøy kommune har ei sektororganisering av tenestene. Sektorane blir leia av ein sektorleiar. Rådmannen sine stabsseksjonar blir leia av Rådmannen. Meir detaljerte organisasjonskart finn ein innanfor kapitla for kvar einskild sektor.



Felles IKT-tenester Nordhordland er eit IKT-samarbeid mellom kommunane Vaksdal, Modalen, Masfjorden, Lindås, Austrheim, Radøy, Feie, Meland og Osterøy. Her er Osterøy kommune vertskommune, og difor økonomisk og administrativt ansvarleg for eininga. IKT – NH blir finansiert med tilskot frå medlemskommunane. Det samla tilskotet blir finansiert med 1/3 som deles likt mellom dei ulike kommunane, mens 2/3 går etter folketal i kommunane. Rådmannsutvalet for medlemskommunane har ansvar for bemanningsplan og budsjett. Sjå eige vedlegg for IKT-NH budsjett.

Årshjulet



Teiknforklaring:

R - Rekneskapsavslutning	ØP - Økonomiplan
Å - Årsmelding	B - Budsjett
K - Kostra-rapportering	MSp - Medarbeidarsamtale, planlegging
T1 - Første tertialrapport	MSgj - Medarbeidarsamtale, gjennomføring
T2 - Andre tertialrapport	VR - Vernerunde
M - Månadsrapportering	

Møtekalender 2015

Møte	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Formannskap		11	25	29	27	3			2	21	11 25	
Heradstyre			11		6	17			30	14	4	9
Komité for oppvekst, idrett og kultur	28		4	15	20			26			11	2
Plan- og kommunalteknisk utval	21	18	26	22	13	10		19	23	28	18	16

Helse, omsorg og sosial



Presentasjon av sektoren
Osterøy kommune skal sørgje for at personar som oppheld seg i kommunen, får tilbod om naudsynte helse- og omsorgstenester. Helse- og omsorgstenesta sitt ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper, her under personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale problem eller funksjonsnedsetting. Ein står føre vesentlege utfordringar innan sektoren sitt nedslagsfelt i løpet av komande år.

Statistisk sett har Osterøy kommune hatt ei lågare institusjonsdekning enn mange andre kommunar, og det har vore eit mål å kunne gje flest mogleg tilpassa tenester i eigen heim. Dei kommunale helse- og omsorgstenestene skal yte gode tenester i eit samfunn i stadig endring. I framtida skal kommunale helse- og omsorgstenester sikra heilskaplege og samordna tenester som omfattar helsefremmande og førebyggande tiltak, utreiing, behandling, pleie/omsorg, akuttberedskap, habilitering/rehabilitering og oppfølging på tvers av sektorane i samarbeid med brukarane sjølve.

I Osterøy kommune har vi lagt til grunn fylgjande visjon for helse- og omsorgstenestene;

"Innbyggarane i Osterøy kommune opplever å få gode helse- og omsorgstenester i alle livets fasar"

Overordna mål og føringar
Tenesteområda innan helse, omsorg og sosial er i stor grad styrt av nasjonale føringar og lokale val. Sentrale rapportar og meldingar skildrar kva utfordringar kommunane står framfor, som følgje av demografisk og epidemiologisk utvikling. Det er fokus på vekst i talet på eldre, auke i kroniske lidingar, sosiale problem blant born og unge samt satsing på tiltak for å betre folkehelsa. I Nasjonal helse- og omsorgsplan 2011 – 2015 (Meld. St. 16 (2010-2011) legg regjeringa den politiske kursen for helse- og omsorgstenesta, samt folkehelsearbeidet dei neste fire åra. Lik tilgang til gode og likeverdige helse- og omsorgstenester, uavhengig av personleg økonomi og bustad, skal framleis vera den viktigaste målsetjinga i den norske velferdsmodellen.

I 2013 vart det vedteke ny Kommunedelplan for Helse, omsorg og sosial. I denne planen er det mellom anna lagt vekt på:

- Auka satsing på folkehelse, tidleg innsats og aktiv omsorg.
- All tenesteyting skal støtte opp under brukaren sine eigne ressursar, for å gje moglegheiter for auka livskvalitet og meistring (kvardagsrehabilitering).
- Yte tenester på best mogleg omsorgsnivå (BEON).
- Satse på kvalitetsutvikling, kompetanse, rekruttering og behalde tilsette.
- Delta i interkommunalt samarbeid om løysing av oppgåver der dette er naudsynt og\eller ønskeleg.
- Gjennomgang av organisasjonsstrukturen for å sikre heilskapleg styring og prioritering, inklusive gjennomgang av leiarstruktur.
- Gjennomgang av rutinar og system for tildeling av tenester for å sikre ei heilskapleg vurderings- og tildelingspraksis.
- God informasjon om tenestetilbodet.
- Etablere ein saumlaus praksis mellom sektorane der dette er naudsynt på system og individnivå.
- Etablere eit gjensidig godt samarbeid med frivillige.
- Etablere ei forståing for nødvendigheita av stadig å forbetre oss.

I 2015 skal tiltak synleggjort i ny helse- og omsorgsplan setjast i verk, innanfor gjevne rammer. Sektor for helse, omsorg og sosial har dei siste åra gjennomført vesentlege omstillingar, og justert organisasjon og bemanning i høve til nye ansvarsområde. Tal frå kommunebarometeret og Nordhordland revisjon syner at tenestene vert drive med låge kostnadar og at bemanningssituasjonen er på eit minimum.

Utvikling i sektoren si økonomiske ramme	2014	2015
Opprinneleg budsjett 2014	155 837	
Justert budsjett 2014	155 035	
Rammeløyving 2015 – framlegg frå rådmannen		**153 600**
Rammeløyving 2015 – innstilling frå formannskapet		**153 600**
Rammeløyving 2015 – vedtak i heradsstyret		**153 600**

NB: Det er lagt til grunn at ordninga med kommunen si medfinansiering av spesialisthelsetenesta vert avvikla i 2015. I budsjettramma til sektoren låg det i 2014 inne kr 8,5 mill til dette føremålet. Denne løyvinga er såleis teke ut av budsjettramma for 2015. Rammetilskotet til kommunen er òg redusert i høve til denne endringa.

Styringsindikatorar for sektoren	Status 2014	Mål 2015	Mål 2018
Alle einingar skal ha implementert KF intern kontrollsystem	IKKS er implementert på Osterøytunet, Heimetenesta, Bu- og avlastningstenesta, Psykisk helse og rusomsorg og ReHab/Dagaktivitetsavdeling.	Implementert i sosialtenesta	Internkontroll implementert i alle einingar.
Budsjettbalanse	Stipulert avvik mellom 1 og 2 %	0 % avvik	0 % avvik
Medarbeidarsamtale		100 %	100 %
Sjukefråvær	8,1%*	7,6 %	7,4 %

**Pr. 01.10.14*

Tiltak for å oppnå budsjettbalanse
Differansen mellom framskriving og tildelt ramme er av vesentleg storleik. Dette gjer at ein i liten grad kan setje i verk tiltak vedteken i Helse- og omsorgsplanen i 2015. For å få budsjettbalanse må ein gjere vesentlege kutt i sektoren sin drift. Det er ein vesentleg risiko for budsjettoverskridelsar om sektoren får tilført nye brukarar med store hjelpebehov.

Samhandlingsreforma
I den framtidige helse- og omsorgstenesta er kommunane tiltenkt ei ny rolle gjennom auka fokus på førebygging av sjukdomar, tidleg intervensjon, tidleg diagnostikk, behandling og oppfølging. Samhandlingsreforma har eit fokus på auka livskvalitet og redusert press på helsevesenet gjennom satsing på helsefremjande og førebyggjande arbeid. Dette skal dempe veksten i bruk av sjukehustenester ved at ein større del av helsetenestene vert ytt av kommunehelsetenesta – med føresetnad om like god eller betre kvalitet, samt kostnadseffektivitet. Kommunane og helseføretaka er pliktig til å samarbeide, og det er inngått lovpålagte samarbeidsavtaler på ei rekkje område.

Innan 2016 vert kommunane pålagt å etablere eit øyeblikkeleg hjelp døgntilbod. Dette gjeld dei tenestene det er forsvarleg at kommunane gjev, i hovudsak forverring av kjente lidingar der behandlinga er kjent på førehand. I samarbeid med Nordhordlandskommunane har Osterøy kommune oppretta seks slike senger knytt til legevakta i Knarvik.

Kommunen vil etter kvart òg få ansvaret for eit tilbod om øyeblikkeleg hjelp døgnopphald til menneske med psykiske og/eller rusrelaterte lidingar. Helse- og omsorgsdepartementet arbeider med korleis økonomiske verkemidlar kan innførast for brukarar med denne type utfordringar.

Samhandlingsreforma har gjeve kommunen nye, store utfordringar. Krava til heilskaplege helse- og omsorgstenester er større enn nokon gong. Erfaringane frå 2014 syner ein endra pasientflyt mellom kommune og spesialisthelsetenesta. Det har vore gjort mykje godt arbeid både internt i kommunen og interkommunalt for å gjere organisasjonen best mogleg rusta til å handtere nye ansvarsområde.

I januar 2012 starta helseføretaka å krevje kommunen for midlar til medfinansiering av sjukehusopphald i somatisk avdeling for kommunen sine innbyggjarar. Denne ordninga er avvikla frå 2015. Vidare får kommunen bøter på kr 4 200 per døgn om vi ikkje evnar å ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus innan 24 timar. Vi har arbeidd målretta for å gjere desse kostnadane så låge som råd. Kommunen har ulike alternativ til sjukehusinnlegging. Det er etablert ei gruppe på Osterøytunet som i all hovudsak tek imot "samhandlingspasientar". I

2012 vart legedekninga på institusjonen styrka, noko som er ein føresetnad for å kunne drive denne tenesta på forsvarleg vis. Nokon "samhandlingspasientar" vert utskriven til eigen heim med tilbod om heimetenester, medan andre klarer seg sjølve etter utskriving frå spesialisthelsetenesta.

Vi ser vidare at dei tiltaka som vart sett i verk for å gjere kommunen robust nok til å handtere nye ansvarsområde, har hatt god effekt, og at kostnader til ferdigbehandla pasientar har vore innanfor eit minimum.

Frå januar 2013 har Osterøy kommune hatt eit toårig, større tverrfagleg prosjekt innan palliasjon. Prosjektet har hatt som mål om at personar med behov for lindrande behandling i livets siste fase får eit heilskapleg tenestetilbod, slik at pasient og pårørande opplever best mogleg livskvalitet og tryggleik. Ein har hatt fokus på systemarbeid, kompetanseheving og direkte pasientarbeid. Frå 2015 implementerast prosjektet i ordinær drift.

Fokusområde i 2015 frå temaplanar / kommunedelplanar	2015
Ta imot ferdigbehandla pasientar frå spesialisthelsetenesta til institusjon eller heimeteneste.	99%
Førebyggjande heimebesøk til eldre for å styrke den eldre sin moglegheit for eigenmeistring og bevare funksjonsnivået lengst mogleg.	Planlagt
Sikre aktiv omsorg ved at helse- og omsorgstenestene skal styrke det helsefremjande og førebyggjande arbeidet gjennom å stimulere til fysisk aktivitet, sunt kosthald, sosiale og kulturelle aktivitetar og deltaking i samfunnet.	Setjast i verk i tråd med Helse- og omsorgsplan
Styrking av det helsefremjande og førebyggjande arbeidet	Folkehelsekoordinator i prosjektstilling held fram
Bidra til utdanning av helsepersonell gjennom gode praksisplassar og praksisundervisning	Kontinuerleg
Bidra med brukarkoordinatorar til personar som ynskjer individuell plan etter oppdrag frå koordinerande eining. Jfr. HOS lova § 7-2	Gjennomført
Kompetanseforum er etablert, og syter for at prioriteringar i sektoren sin strategiske kompetanseplan vert sett i verk innanfor økonomisk ramme.	Kontinuerleg
Behandling av pasientar i kommunen før, i staden for etter, sjukehusinnlegging. Dette gjeld til dømes pasientar med funksjonssvikt, smertebehandling, lindrande behandling, KOLS, infeksjonar, ernæringssvikt, medikamentjusteringar, psykiske lidingar og/eller rusproblem. Observasjon for å avklare trong for innlegging i sjukehus. Etterbehandling etter sjukehusopphald før utskriving til eigen heim	Kontinuerleg

Planverk	
Plan for habilitering og rehabilitering	Rullerast
Bustadsosial plan	Rullerast
Demensplan	Ferdigstilt
Tverrfaglege ressursgrupper	
Demens	Etablert med tverrfagleg samansetting
Palliasjon (Vi har fått midlar til eit toårig prosjekt, prosjektet starta 2013)	Palliativt ressursgruppe er etablert i ordinær organisasjon
Rus	Etablert med formalisert samarbeid mellom Rusomsorg, Familiens hus, NAV, Kommunepsykolog og legetenesta.

Osterøytunet

I samsvar med Kommunedelplan for Helse, omsorg og sosial, er Osterøytunet inne i ein større omorganiseringsprosess. Dette er ikkje eit resultat av at Osterøytunet ikkje fungerer godt, men på bakgrunn av nye krav til kommunehelsetenesta. Ny organisering av Osterøytunet er



Sjukeheimsavdelingar – 1. og 2. etasje.

Sjukeheimen er organisert i 7 grupper med 66 einerom. På kvar gruppe bur det vanlegvis 9 eller 10 pasientar. Gruppene har felles stove og kjøkken, og felles måltid vert servert.

1. etasje er inndelt i tre grupper. Gruppene er særskilt tilrettelagt for personar med demens. Den eine av gruppene blir nytta til korttidsplassar , utgreiing og avlastning.

2. etasje er inndelt i fire grupper. Den eine av gruppene har 10 senger og er tilrettelagt for korttidsopphald og avlastning – samt mottak av utskrivingsklare pasientar frå sjukehus.

Etter at samhandlingsreforma vart sett i verk, ser ein eit auka behov for korttidsplassar. Korttidsavdelinga vert i hovudsak nytta til dette, og her tek ein i mot pasientar frå sjukehus som ikkje kan dra direkte heim. Medisinsk utstyr er oppgradert, og ein arbeider i stor grad tverrfagleg.

Søkjarane til Osterøytunet kjem frå sjukehus eller heimen. Nær alle som søkjer får korttidsopphald før langtidsopphald vert vurdert. Inntak skjer fortløpande, inntaksteamet har møte kvar veke . Her møter representantar frå heimetenestene, institusjon og kommuneoverlege/sjukeheimslege.

Nattenesta i Helse- og omsorg har base på Osterøytunet og oppdrag ute organiserast herifrå. Ein har møtt behovet for plassar på institusjonen utan overbelegg fram til hausten 2014, men ein ser at tal søkjarar aukar utover hausten. Med samhandlingsreforma ser ein òg at behovet for kompetanse aukar og at sjukdomsbiletet hos dei som kjem frå sjukehus er meir samansatt enn tidlegare. For å ha sirkulasjon i plassane, er det viktig å ha så stor andel av plassane til

korttidsopphald som mogleg, i tillegg til å møte behovet for avlastningsopphald for heimebuande der pårørande har stor omsorgsbyrde.

Satsingsområde vidare:

- Brukarundersøking for pasientar og pårørande ved Osterøytunet.
- Styrke medisinsk-teknisk utstyr.
- Fokus på å rekruttera og behalda kompetanse.
- Fokus på fagutvikling og bredde i kompetanse
- Fokus på innhald og aktivitet i avdelingane slik at Osterøytunet er ein god plass å vere og bu
- Evaluere bruken av institusjonsplassane for å sikre at dei er i tråd med nasjonale føringar, lovverk og brukarane sine behov

Tiltak/fokusområde frå kommunedelplanar/temaplanar	2015
Fullføra etablering av to observasjonssenger (haldast av til medisinsk behandling og ferdigbehandla pasientar frå sjukehus)	Gjennomførast 2015
Samhandlingspasientar Tek imot ferdigbehandla pasientar frå spesialisthelgetenesta til institusjon	Kontinuerleg
Deltaking i tverrfaglege team	• Ressurssjukepleiar Palliasjon 20 % stilling • Ressurssjukepleiar Demens 20% stilling
Demensarbeid Pårørandeskule for pårørande til personar med demens.	I samarbeid med Osterøy Demensforeining
Pårørandesamtalar Årleg samtale mellom pårørande, ansvarleg sjukepleiarar og primærkontakt for pasienten	Kontinuerlig
Kompetanseheving hjå personalet i høve til Kompetanseplan Tilerettelegging av ulike kurs internt og eksternt. Stimulera til vidareutdanning - Vidareutdanning i geriatri, demens, psykisk helse o.a. - Desentralisert Høgskuleutdanning	Kontinuerleg
Hjelpe til med utdanning for helsepersonell ved å leggje til rette for gode praksisplassar og undervisning - VOPA – Vidaregåande opplæring på arbeidsplassen Helsefagarbeidarlærlingar TAF Elevar frå vidaregåande VG1 og VG 2 Evt andre	Årleg
Medarbeidarsamtalar	Årleg
Sjukefråvær	Kontinuerleg
Budsjettoppfølging	Kontinuerleg

Årsverk sjukeheimen pr 01.01:	R 2013	B 2014	B 2015
Samla	60,50	60,10	60,10
- herav			
Pleie	57,5	57,5	56,5
Leiing/merkantil	3	2,6	3,6

Kvalitetsindikatorar	Status 2012	Status 2013	Status 2014*	Mål 2018
Tal løyvde korttidsopphald/rehabilitering :	167	248	187	250
Tal løyvde avlastningsopphald	29	42	46	50
Tal løyvde langtidsopphald:	21	34	20	35
Klager på tildeling av plassar	1	6	1	0

* pr. 22.09.14

Tal frå brukarundersøking, maks score 4	Status 2009	Status 2013	Mål 2018
Opplevd respektfull behandling	3,5	5,2	5,2
Opplevd tilgjengelegheit	3,25	4,9	4,9
Opplevd tilgang på informasjon	2,9	4,8	4,8

ReHab- og aktivitetsavdeling (Ergo- og fysioterapi)

Frå 01.01.15 er ReHab- og aktivitetsavdeling organisatorisk underlagt Einingsleiar for Osterøytunet. Avdelinga har arbeidsbase på Osterøytunet, men vil halde fram med å arbeide mest opp mot heimebuande personar. Ein vil tilstrebe å nå årlege målsettjngar innafor rehabilitering/habilitering i høve Samhandlingsreforma og Kommunedelplan for Helse, omsorg og sosial. Utfordringsbiletet er om lag som ved årsskiftet 2013/2014: Behova er større og meir komplekse og med meir lokalt ansvar. Det er ventelister både hjå Osterøy Fysioterapi og dei kommunale tenestene.

Eininga har ei generell auke i tilvisningar. Spesielt store for akutte behov; alvorleg sjuke, born, og oppfølging av sjukmeldte (muskel- og skjelettplager- Osterøy Fysioterapi).

Det siste åra har eininga tatt inn fleire brukarar til gruppetilbod enn tidlegare, særleg aktuelt for kommunale fysioterapeutar . Dette gjer at fleire får tilbod.

Eininga heldt i 2015 fram med ergoterapeutressurs i 100% stilling. Ein vil halde fram å prioritere direkte pasientretta arbeid for få redusert ventelista innan fagområdet.

Hjelpemiddellageret har ventetid og det må påreknast venting på ikkje akutte utleveringar. Logistikk heldt fram med å vere utfordrande med omsyn til kommunen sitt korttidslager.

Årsverk	R 2013	B 2014	B 2015
Ergoterapeut	1	1	1
Fysioterapeut	2	1,8	1,9
Aktivitør	0,5	0,5	0,5
Miljøarbeidar	1,5	1,4	1,4

I tillegg kjem:

- 4 driftstilskot ved Osterøy Fysioterapi, privat drift
- 1 heimel for fysioterapeut i turnus; Fylkesmannen: periode 15.02 - 31.12.

Kommunale ergo- og fysioterapeutar er rettleiarar for studentar i praksis frå ergo/fysioterapi utdanningar ved Høgskulen i Bergen, 2-4 studentar i året.

Kvalitetsindikatorar	Status 2014	Status 2015	Mål 2017
Økonomi	Budsjettbalanse	Budsjettbalanse	Bal.
Opplevd respektfull behandling, brukarundersøking i 2012 og 2015.	Ikkje gjennomført	Vår 2015	3,5
Opplevd tilgjengelegheit, brukarundersøking i 2012 og 2015.	Ikkje gjennomført	Vår 2015	3,3
Opplevd tilgang på informasjon, brukarundersøking i 2012 og 2015.	Ikkje gjennomført	Vår 2015	3,3

Tiltak/fokusområde frå kommunedelplanar/temaplanar	2015
Styrke bemanninga innan rehabilitering	Utsett
Etablere modell for systematisk arbeid i høve rehabiliteringsopphald på Osterøytunet	Evaluere
Førebyggjande heimebesøk til eldre for å styrke den eldre sin moglegheit for eigenmeistring og bevare funksjonsnivået lengst mogleg	Planlegge
Styrke hjelpemiddellageret	Tiltak avklarast
Styrke fokus på habilitering og rehabilitering i sektoren generelt	Kontinuerleg
Deltaking i palliativt team	Implementerast i drift
Kompetanseheving i hht strategisk kompetanseplan innan økonomisk ramme	Kontinuerleg
Medarbeidarsamtalar	Årleg
Sjukefråvær	Kontinuerleg
Budsjettoppfølging	Kontinuerleg

Heimetenesta

I mars 2013 vart heimetenesta samla i ein base. I 2014 har det vore fokus på å tilpasse den nye organiseringa i drifta. Sjukefråværet har vore høgt i 2014, og det er sett i verk grep for oppfølging og reduksjon.

Det er tett samarbeid og dialog med NAV. Dette vil ein halde fram i 2015. Ein held fram med å spisse kompetansen på forvaltning/sakshandsaming.

Kompetansen er for tida god, dette gjer ein i stand til å ivareta svært sjuke brukarar i heimen. Her jobbar ein òg tett saman med Palliativt team for å få gode rutinar rundt dette. Ein vil sjå til at ressursane til ei kvar tid vert nytta best mogleg.

Heimetenesta yter og tenester til dei som bur i bufellesskapet på Osterøytunet (16 leilegheiter).
Ein er kjent med at det òg i 2015 vil kome nye brukarar med store hjelpebehov.

Aktivitetssenter - Haldorvika

Aktivitetssenter for personar med demens-sjukdom vart starta opp i 2011.Dette tiltaket gjer at menneske med demens-sjukdom er betre rusta til å bu heime lenger.

Det vart søkt Helsedirektoratet om prosjektmidlar til etablering og drift av aktivitetssenteret 5 dagar i veka, og kommunen har fått midlar i 3 år, kr 189 000 i 2012, kr 417 000 i 2013 og kr 470 000 i 2014. I 2015 er det budsjettert med kr 470 000 (under føresetnad at volumet vert halde oppe).

Frå 2016 vert denne tenesta truleg lovpålagt og må inn i ordinær ramme. Aktivitetssenteret held til i eige bygg i Haldorvika. Møblar og utstyr er for det meste gåver frå privatpersonar. Aktivitetssenteret er open for 7 brukarar kvar vekedag. I 2014 består personalet av spesialsjukepleiar, to hjelpepleiarar og sjåfør, totalt 2,2 årsverk. Dei får uvurderleg hjelp av frivillige frå Demensforeininga. I 2014 har noko av ressursane gått med til å gje individuell hjelp til heimebuande brukarar som har store behov, men som ikkje kan nyttiggjere seg av gruppeaktivitetar. Dette har fungert godt for desse.

Pårørandeskule og hukommelsesteam er òg tiltak som gjev gode resultat og er ein viktig del av omsorgstilbodet for denne gruppa og deira pårørande.

Kvalitetsindikatorar	Status 2013	Status 2014	Mål 2015	Mål 2018
Direkte brukartid i % av total tid heimetenestene				
Betre samordning av heimetenestene	Vedteke samanslåing (november)	Arbeid med å stabilisere drift og system	Tenesta er stabilisert og struktur og system er på plass	Vidareføring
Auka kompetanse i heimetenestene	Fleire ferdigutdanna i 2013	Kompetanse-plan utarbeida	Vidareutd. og kurs ihht kompetanseplan	Vidareutdanning og kurs ihht kompetanseplan
Desentralisert sjukepleiarutdanning for tilsette	2 studentar startar hausten 2013	2	8	4 på kvart kull
Etter- og vidareutdanning for tilsette	3	1	2	10
Tal frå brukarundersøking, maks score 4	Status 2012			
Opplevd respektfull behandling	5,2		5,5	5,5
Opplevd tilgjengelegheit	5,3		5,3	5,3
Opplevd tilgang på informasjon	5,1		5,3	5,3
Brukarmedverking	5,0		5,0	5,0
Resultat for brukaren	5,4		5,4	5,4

Totalt gjennomsnitt etter brukarundersøking i heimetenestene i Osterøy 2012 er på 5,2. Gjennomsnitt i landet er på 5,0. Lågast i landet er 3,9 og høgast er 5,9

Årsverk heimetenesta pr 01.01	R 2013	B 2014	B 2015
Samla	**45,59**	**46,06**	**46,06**
- av dette:			
Pleie heimetenester	25,86	25,86	25,86
Pleie bufellesskap	6,40	6,55	6,55
Haldorvika	2	2,2	2,2
Personlege assistentar	8,83	8,95	8,95
Leiing/administrasjon	2,5	2,5	2,5

Bu og Avlastningstenesta

Bu og avlastningstenesta leverer ulike tenester til menneske med funksjonshemmingar.

Tenesta er delt inn i Sone 1 (Svamyra, Rymleheia, Solplassen, avlasting prosjekt) og Sone 2 (Peraplassen bustader, Avlastninga, Rymleheia prosjekt).

Sommaren 2014 vart det naudsynt å opna eit bufelleskap i ein midlertidig bustad for to brukarar i påvente av at nye bustader vert bygd.

I forhold til prosjektgruppa som er satt saman for å planlegge nye bustader, er det skjedd lite siden vi tidlig våren -14 var på synfaring angåande tomt. Prosessen har diverre dradd ut i tid då tomtespørsmålet enno ikkje er avklara. Ein håpar på ei snarleg avgjersle då det har betydning for ei betre økonomisk drift av tenesta, og ikkje minst redusert belastning for pårørande.

Ved å tenke nytt, ser vi at vi har klart å finne positive løysingar ved å samkjøre tenestene til dei yngre brukarane våre som fortsatt bur heime. Her har vi fokus på fellesaktivitetar, og at tenesta blir ytt til grupper, istadenfor einskildvis, der det lar seg gjera.

Omstrukturering av forvaltning og spissing av kompetanse på sakshandsaming, gjorde at einingа i 2014 har oppdaterte vedtak som er i tråd med faktisk tenesteyting. Dette bidrar òg til at rapporteringa vert kvalitetssikra på ein god måte.

Den planlagte brukarundersøkinga i bu- og avlastingstenesta vart gjennomført våren 2014.

På grunn av mange tilsette utan formell fagkompetanse, skal det framleis haldast fokus på fagutvikling og internundervisning for alle tilsette i dette feltet, jfr kompetanseplanen.
Dei tilsette skal verta oppfordra til å ta fagbrev, vernepleiarutdanning og vidareutdanning. Det skal vidare haldast fokus på nyrekruttering av tilsette med fagbrev og høgskuleutdanning.

Kjøp av tenester frå Dagsenteret OPRO oppretthaldast på same nivå som 2014.

Kvalitetsindikatorar	Status 2013	Status 2014	Mål 2015	Mål 2018
Auka dekning av vernepleiar-/høgskuleutdanna i tenestene til funksjonshemma	15	17**	18	20
Styrke talet på fagutdanna	21	21***	23	25
Desentralisert vernepleiarutdanning for tilsette	1	0	2	4
Individuell plan*	10	11	16	22
Tal frå brukarundersøking, maks score 4	**Status 2009**			
Opplevd respektfull behandling	3,2	5,2	5,2	5,7
Opplevd tilgjengelegheit ****	2,9		4,0	4,5
Opplevd tilgang på informasjon	2,6	5	5	5,8

* Alle brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester har rett på individuelle planar og skal prioriterast. Individuell plan skal bidra til at brukarane veit kva tenester dei kan vente seg, og gje oversikt over - tenestetilbodet.
** 9 av desse er knytt til 2 tenestemottakarar med medlevarturnus, slik at det er 8 høgskuleutdanna att til dei andre tenestemottakarane. Den eine av dei 17 tilsette er ansatt i 30 % stilling, dei andre 16 ansatte har 100% stilling.
*** Dette er årsverk.
**** «Opplevd tilgjengelegheit» var inga målindikator i brukarundersøkinga 2014. Snitt totalt på brukarundersøkinga er 5,0, sett opp mot landsgjennomsnittet på 4,9.

Fokusområde i 2015 frå temaplanar / kommunedelplanar	2015
Ha eit særskilt fokus på sakshandsaming	Kontinuerlig
Byggje 8 nye omsorgsbustadar*	Planperiode
Setje i verk tiltak skildra i helse og omsorgsplanen	Kontinuerlig

* Nye bustader for denne gruppa prioriterast, ein viser til registrerte søknader og behov for fleire bustadar

Psykisk helse og rusomsorg

Kroken

I mars 2011 vart det etablert eit eige rusteam i Kroken. Dette tiltaket vert drifta av midlar frå Helsedirektoratet og ein heimel (ruskonsulent) frå NAV, til saman 2,5 stillingar. Rusteamet gjev omsorgstenester til rusmisbrukarar frå 18 år og oppover, rusførebyggande arbeid mot menneske i faresona for å utvikla rusmisbruk og rehabilitering av tidlegare misbrukarar.

Etter nesten fire års drift ser ein tydeleg positive effektar av tiltaket. Brukarar som før falt mellom to stolar får no adekvat hjelp. Ein har registrert om lag 30 brukarar av tiltaket. Ein tilbyr brukarane:

- hjelp til å søkje behandlingsinstitusjon i samarbeid med NAV
- hjelp til økonomistyring
- buoppfølging
- støttesamtalar
- koordinering av tenestetilbod med meir

Prosjektmidlar til dette tilbodet vart avslutta frå januar 2013, eit år tidlegare enn ein var førespegla, og tilskot til rusomsorga er implementert i kommunen sitt rammetilskot.

Psykiatrisk heimeteneste

Den ambulerande psykiatriske tenesta leverer tenester til personar over 18 år i heile kommunen, og utfører pr. i dag tenester for om lag 90 heimebuande personar med ulike former for psykiske lidingar og problemstillingar.

Ein tilbyr brukarane:

- støttesamtalar
- miljøterapi
- koordinering av ulike tenester
- hjelp til medisinhandtering
- støtte og rettleiing for pårørande
- deltaking i ansvarsgrupper
- Individuell plan

Det er i dag 3 årsverk som utfører desse tenestane.

Butilbod

Haus Bufellesskap vart etablert i 2013. Dette er eit butilbod til 5 brukarar med psykiske lidingar. Det er 8 stillingar i medlevarturnus i tiltaket. Bufellesskapet er lokalisert i tidlegare aldersbustader i Haus. Ein driv dagsentergrupper derfrå, og tilbyr heimebuande personar miljøterapi og aktivitet.

Reigstad bustader (5 bueiningar) skal drivast som før. Det er 2.5 årsverk knytt opp mot bustaden.

I samband med auka krav til kompetanse, skal det framleis haldast fokus på fagutvikling og internundervisning for alle tilsette i Psykisk helse og rus. Dei tilsette skal oppfordrast til å ta høgskuleutdanning og vidareutdanning ihht strategisk kompetanseplan.

Årsverk Rus/psykiatri pr 01.01	R 2013	B 2014	B 2015
Samla	**17,5**	**17,5**	**17,5**
- av dette:			
* Heimetenesta inkl Kroken	7	7	7
* Omsorg i bufellesskap	10,5	10,5	10,5

Kvalitetsindikatorar	Status 2011	Status 2014	Mål 2015	Mål 2018
Tal frå brukarundersøking, maks score 4				
Opplevd respektfull behandling	3,5		5,0	5,0
Generell tilfredsheit	3,3		4,5	4,5
Opplevd tilgang på informasjon	3,3		5,0	5,0

Brukarundersøking vart gjort i 2011, og ein vil freista å få gjennomført ei ny i 2015

Fokusområde i 2015 frå temaplanar / kommunedelplanar	2015
Utarbeida Psykiatriplan	Sluttførast
Setje i verk tiltak i ny helse og omsorgsplan	→
Oppretthalde og styrke kapasiteten innan rus- og psykiatrisk helsearbeid	→
Sikre samhandling internt i kommunen, med spesialhelsetenesta, frivillig sektor	→
Ettervernsgrupper for rusavhengige	Etablere ettervernsgrupper
Førebyggjande arbeid blant unge	Etablere rusfrie alternativ for unge i kommunen i samarbeid med skule/oppvekst
Oversikt over russituasjonen i kommunen	Kartlegge russituasjonen i kommunen (Ungdata)
Formalisert samarbeid ved skule/oppvekst	Søkje å finne samarbeidsfora på kryss av profesjons- og einingsgrenser
Etablere samordna tiltak for bebuarane i bustaden	Etablere buteam for menneske med psykiske lidingar

Brukarstyrt personleg assistent

Brukarstyrt personleg assistanse: Kommunen skal ha tilbod om personleg assistanse som er ein måte å organisere "praktisk bistand på". Tildeling av brukarstyrt personleg assistanse skal vurderast på same måte, og innafor dei same rettslege rammene, som dei andre tenestene i Helse og omsorgstenestelova § 3-2 fyrste ledd, nr 6b. Ordninga omfatter hjelp til eigenomsorg, personleg stell, praktiske oppgåver og sosiale aktivitetar. Føremålet er å bidra til å gjere den einskilde mest mogleg sjølvhjelpen i dagleglivet.

Osterøy kommune har ordninga der brukar er arbeidsleiar og kommunen er arbeidsgjevar. To personar gjekk i 2014 inn under særleg ressurskrevjande brukarar med tilskotsordning frå staten. Vi har no fem personar som har ordninga BPA, og reknar med at situasjonen vil vere stabil dei neste 2-3 åra. I 2005 vart ordninga utvida til å omfatte dei som må ha bistand til arbeidsleiarrolla, og tilskotsordninga gjeld opplæring/kurs for arbeidsleiar og assistent(ar). Ein ser at ordninga er med på å gje yngre funksjonshemma eit meir aktivt liv slik at dei kan delta på ulike arenaer i samfunnet som er naturleg for alle.

Frå 2015 vil ordninga med brukarstyrt personleg assistanse bli rettighetsfesta.

Støttekontakt

Dette er eit godt innarbeidd tiltak i kommunen og vert nytta ovanfor fleire brukargrupper. Tiltaket vert tildelt etter Pasient- og brukarrettighetslova (Pasrl) § 2-1 a, støttekontakt vert ytt etter Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 første ledd, nr 6b, når personar grunna alder, funksjonshemming, sjukdom eller sosiale tilhøve treng å få ei meiningsfylt fritid.

Ved utgangen av september 2014 mottok 45 personar tiltak om støttekontakt, 4 tiltak er avslutta og 6 nye tiltak blei starta opp. Ein reknar med den same progresjonen dei neste åra.

Dette vert indeksregulert kvart år i budsjettarbeidet.

Omsorgsløn

Omsorgsløn vert tildelt der brukar vert vurdert å fylle krava i Pasient- og brukarrettighetslova (Pasrl) § 2-1 a, omsorgsløn vert ytt etter Helse- og omsorgstenestelova § 3-6.

Kommunen har etter denne regelen plikt til å ha ei ordning med omsorgsløn til dei som har særs tyngande omsorgsoppgåver, og det må setjast av tilstrekkelege midlar på det kommunale budsjettet til dette. Kommunen skal i kvart einskild tilfelle vurdere kor mange timar som vert lagt til grunn for betaling for slikt omsorgsarbeid. Dette vert indeksregulert kvart år i budsjettarbeidet. Pr i dag er det 26 personar som mottar omsorgsløn for særs krevjande omsorgsarbeid.

Kvalitetsindikatorar	Status 2013	Status 2014	Mål 2015	Mål 2018
I løpet av 2 veker etter motteke søknad skal søkar bli kontakta	98%	98%	98%	98%
Oppfyller søkjar vilkåra i lova skal tiltak vera iverksett min. 2 veker maks 3 veker etter vurdering og konklusjon	95%	89%	95%	95%
Opplæringskurs for brukarstyrt personleg assistanse- brukar/ arbeidsleiar og assistent	Kurs haust	Ikkje deltatt i år		
Kompetanseheving for personlege assistentar- stimulere til kurs internt og eksternt	Kontinuerleg	Kontinuerlig	Kontinuerlig	Kontinuerl.

NAV - sosial

Samfunnsutviklinga innanfor arbeidsløyse, lånegjeld, rus med meir speglar behovet kvar einskild har for sosialtenesta. Utviklinga i næringslivet er sterkt påverka av den økonomiske utviklinga i dei landa ein handlar med. Innan offshore bransjen har det skjedd ei endring som har resultert i permitteringar. Desse personane har ei høg levenorm som krev mykje økonomisk rådgjeving for å få utgiftene redusert i høve inntekt. Vidare har vi framleis ei låg rente, men faremomenta er at ein ikkje har tatt høgde for ei aukande rente som vidare kan føra til at familiar kan koma i ein økonomisk vanskeleg situasjon.

Sosialhjelpsutbetalingane til livsopphald er på det jamne, med ei endring mot yngre sosialhjelpsmottakarar. Samanlikner ein oss med Kostra tal for samanliknbare kommunar har vi låge tal. Det nye for 2015 er at ein har innført arbeid for sosialstønad i eit samarbeid med Opro. Hovudmålet er å få personar avklart, og at dei kjem seg inn i eit ordinært arbeid på sikt.

I 2015 vil ein vidareføre satsinga på personar under 25 år, med å øyremerke ei stilling til dette arbeidet. Dette skal resultere i å få personar ut i aktivitet/arbeid. Det vert samarbeidd tett med barnevern, vidaregåande skule, lokale bedrifter og eit eige ungdomsnettverk i Nordhordland som er knytt opp mot OT/PPT i fylket.

NAV har ei 80 % stilling med hovudansvar for tyngre gjeldsarbeid og Husbanksaker. Husbanksakene gjeld søknad og finansiering av kjøp av hus samt etableringstilskot. Husbanken har stramma inn utlånsreglane, og dette har medført eit lågare utlån. Vi har endra oppgåvene til å arbeida med gjeldsaker. Auken av gjeldsaker fortsett og ein må inn å styra økonomien til langt fleire no enn for nokre år sidan. Det er særleg kredittkortgjeld som gjer at personar kjem inn i ein negativ sirkel, og personar som har mista arbeidet sitt eller kome i ei livskrise. Dette arbeidet krev tid og ein må vera tett på brukarane over ein lang periode, inntil 1 år eller lengre. Skulle det skje endringar i reglane for Husbankutlån, kan vi koma i eit skjeringspunkt der vi har tatt på oss for mange gjeldsaker og ikkje maktar utlån. Denne balansegongen må ein evaluera i midten av 2015.

Kvalitetsindikatorar	Status 2013	Status 2014	Mål 2015	Mål 2018
Tal brukarar med økonomisk sosialhjelp som hovudinntekt under 24 år	10	16	10	2
Tal brukarar med økonomisk sosialhjelp som hovudinntekt over 24 år	14	31	8	4
Avvik mellom faktisk forbruk og budsjett for kommunale driftsmidlar	4,2 %	0	0	0
Opplevd respektfull behandling, brukarundersøking	90 %	93 %	94 %	95 %
Opplevd tilgjengelegheit, brukarundersøking	88 %	90 %	90 %	80 %
Opplevd tilgang på informasjon, brukarundersøking	95 %	96 %	96 %	95 %
Saksbehandlingstid		8 dg	5 dg	5 dg

Årsverk pr 01.01 sosialtenesta	R 2013	B 2014	B 2015
Sosialomsorg	5,2	4,3,	4,9*

*)100% Leiar er delt, stat 60% og kommune 40% som er rekna inn i budsjett.
Økonomisk rådgjevar 30% husbank sjølvfinansiert, 50% rekna inn i budsjett.

Fokusområde i 2015 frå temaplanar / kommunedelplanar	2015
Fokusområde er brukarar under 25 år	Kontinuerleg

Legetenesta

Legetenesta i Osterøy kommune har som oppgåve å gje brukarane tilbod i form av legetenester på dagtid og akutt hjelp på kveld, natt og helg. I tillegg har legane tilsynsverksemd for pleie- og omsorgstenesta og konsultasjonar på helsestasjonen inkludert skulehelseteneste.

I Osterøy kommune er det to legekontor, eit på Valestrand som er privat driven (3 fastlegeheimlar) og eit i Lonevåg som er kommunalt driven (2 fastlegeheimlar + turnuslege).

I tillegg består legetenesta av ein lege i 100% kommunal stilling. Ho er kommunen sin medisinskfaglege rådgjevar, er ansvarleg for miljøretta helsevern og er kommunen sin smittevernlege. Kommuneoverlegen har i tillegg ansvar for legevakta. Vidare er ho 60 % sjukeheimslege. Dette gjer at fastlegane som tidlegare hadde tilsynsarbeid på institusjonen har vorte fritatt for desse oppgåvene. Denne kontinuiteten i legetenestene på Osterøytunet er eit viktig grep i høve til samhandlingsreforma, og fører til betra tenester for bebuarane. Kommuneoverlegen er no i gang med spesialisering innan samfunnsmedisin.

Legevakt

Legevakta i Osterøy kommune vart flytta til Nordhordland Legevakt i Knarvik i mars 2013. Dette fordi ein ikkje hadde tilstrekkeleg med legar i kommunen til å sikre tilstrekkeleg beredskap. Nye pålegg i høve til drift av legevakt, som til dømes etablering av nytt nasjonalt legevaktsnummer (116 117), lydlogg, krav til kompetanse hjå personell som betener legevaktstelefon osv. gjorde også at kommunen ikkje var i stand til å drifta legevakta som før. Ein har i tillegg til Nordhordland legevakt, etablert lokal legevakt på Osterøy måndag-torsdag 15.00-20.00. Frå 2016 er kommunane pliktig til å ha Øyeblikkelig hjelp-senger, dette er no oppretta i Knarvik knytt opp mot NHL Legevakt.

Fokusområde i 2015 frå temaplanar / kommunedelplanar	2015
Setta i verk tiltak i ny helse og omsorgsplan	Setje i verk og følgje opp tiltak skildra i ny helse- og omsorgsplan
Greie ut organiseringa av legetenesta	Gjennomført
Tilstrekkeleg fastlegekapasitet	Fastlege tilgjengeleg til dei av kommunen sine innbyggjarar som ynskjer det.

Årsverk pr 01.01 Legetenesta	R 2013	B 2014	B 2015
Hjelpepersonell	3	3	3
Turnuslege	1	1	1
Kommuneoverlege/Sjukeheimslege	1	1	1
Legeheimlar	5	5	5

Oppvekst, undervisning og kultur



Presentasjon av sektoren.

Tidleg innsats.

Sektor for Oppvekst, undervisning og kultur har i nokre år fokusert på tidleg innsats for livslang læring. Tidleg innsats handler om å optimalisere barnet sitt oppvekstmiljø tidlegast mogleg, med sikte på å utvikle ein robust psykisk helse og førebyggje skeivutvikling.

Dei første leveåra:

Barna sine psykososiale vanskar vert ofte synlege for andre etter nokre år på skulen eller i ungdomsåra. Det er imidlertid godt dokumentert at slike problem har sin start i førskulealder. Men så tidleg er teikna på barna sin mistilpassing ikkje nødvendigvis så tydelege. Derimot kan risikofaktorar i barnet sitt oppvekstmiljø vere tydelege nok heilt frå graviditet og fødsel. Gjennom rettleiing, kartlegging, hjelp og behandling allereide i svangerskapet og/ eller i barnet sine første leveår, kan familiar få hjelp tidlegare.
Det er difor sentralt å styrkje ein felles forståing av kva som skal til for å skape det beste grunnlaget for ein god psykisk helse for sped- og småbarn.

Førskulealder:
Forskarar i Norge er klare på at tidleg innsats hjelper best mot åtferdsvanskar hjå barn, men at praksis i Norge køyrer ein nesten motsett strategi. Her vert hovudressursane i spesial-pedagogikk gjeve på ungdomstrinnet. Slik har det òg vore i Osterøy. Men for eit par år sidan starta Sektor for oppvekst, undervisning og kultur eit arbeid med å snu ressursinnsatsen. Forsking viser at dette har best effekt for barna si utvikling og gjev dei beste samfunnsøkonomiske resultata.

I barnehagane handlar det som regel ikkje om spesialundervisning, men snarare å fange opp og følgje opp dei som treng hjelp og støtte. Eit barnehagetilbod av høg kvalitet kan føre til sosial utjamning, tidleg innsats og livslang læring. Barn skal få oppleve glede og meistring i barnehagen, dei skal få leike, lære og utvikle seg.

Rådmannen har i fleire omgangar orientert politikarane om at Osterøy kommune i fleire år har hatt kostnadseffektive barnehagar både målt mot vår eiga «KOSTRA-gruppe», fylket og landsgjennomsnittet. Ei av årsakene til dette er at dei kommunale barnehagane har færre vaksne i barnegruppene. Ein ser no at dette gjev oss utfordringar med å klare å gje eit fullt forsvarleg tilbod, der dei vaksne i tilstrekkeleg grad kan «fange opp og følgje opp» tidleg nok.

På bakgrunn av eigne erfaringar og nyare forsking, vil rådmannen no gradvis styrke barnehageområdet dei neste åra. Han vil ta initiativ til eit kompetanseløft både i dei kommunale og private barnehagane. Kompetansebygging er hovudnøkkelen i arbeidet med å hjelpe og støtte born som viser utfordrande åtferd. Det er behov for auka kunnskap om til dømes utviklingspsykologi, ulike aggresjonsformar og åtferdsvanskar, utestenging og handtering av ulike utfordringar blant tilsette i barnehagane. Rådmannen vil styrke budsjetta til barnehagane i ein særskilt løyving med kompetansemidlar, fordelt over to budsjettår. Dette kompetanseløftet, «Vere saman», er gjort greie for under vignetten «Barnehage».

Skulealder:
Målet er tilpasse opplæringa for alle. Bakgrunnen for dette er den sterke auken i spesialundervisninga for dei eldste borna, og auken i opplæringstilbod der elevar vert teke ut av det ordinære fellesskapet. Elevar lærer best i samhandling med andre born, uavhengig av kva nivå dei står på.

Rådmannen og sektoren er opptatt av at spesialundervisning først og fremst skal setjast i verk når ordinær tilpassa opplæring ikkje strekkar til. Skulen bør, før det vert fatta vedtak om spesialundervisning, kartleggje, vurdere og eventuelt prøve ut nye tiltak. Her har Osterøy kommune kommet godt i gong via eit fruktbart og fagleg viktig samarbeid mellom skulane, sektorleiinga og Familiens hus. Det er sånn sett gledeleg at sektoren, i inneverande skuleår, har greidd å heve ressursbruken for dei yngre barna, samtidig som ein har redusert kostnadene for dei eldre.

I Osterøy kommune har ein i ei tid opplevd større auke i spesialundervisninga enn elles i landet. Noko av forklaringa kan vere at kommunen p.t. har ei opphoping av elevar med særskilte lærevanskar. Men ein anna teori er at ressursane til grunnbemanning og tilpassa opplæring er skore ned til beinet, slik at foreldra til barn med særskilte behov vert uroa og i større grad søkjer om spesialundervisning.

Språk er ein viktig nøkkel. Barn som har dårlege føresetnader ved skulestart har størst sjanse til å kome inn i ein negativ lærings- og motivasjonsspiral over tid. Språkkartlegging og språkstimulering er difor nødvendige tiltak å setje i verk dei første åra.
Eit breitt samarbeid viser seg å vere heilt nødvendig.
Det handlar altså om å setje inn gode tiltak så tidleg som råd. Satsing på overgangar er òg viktig. Med dette tenkjer ein på god informasjonsflyt i overgangen mellom ulike nivå; frå helsestasjon til barnehage, og vidare til grunnskule, ungdomskule og vidaregåande skule. I tillegg ser ein at det er viktig å identifisere borna som utvikler problem tidleg i kvar einskild fase av opplæringa, for å setja inn tiltak.

Omfang og kvalitet på tenestene

Knappe ressursar i sektoren dei siste åra, har gjort det nødvendig med ein nedjustering av tenestenivå og omfang. Dette har ført til reduksjon av både kvalitet og kvantitet.
Nedskjeringane dei siste åra har ført til ein driftssituasjon der det vil vera uansvarleg å kutte meir i drifta. Ytterlegare nedjustering må gjerast i tenestetilbodet – og gjennom redusert kvalitet.

Dei kommunale **barnehagane** skal vera kjenneteikna av god drift, høg kvalitet og stort mangfald. Men framleis vil barnehagane ha ei stor utfordring når det gjeld store barnegrupper og låg bemanning. Barnehagane er svært kostnadseffektive og KOSTRA –tal stadfestar dette. Ved låg bemanning er det viktig at vi sikrer god kompetanse på dei som er der, og har stort fokus på eit kompetent personale som ser og kan barn sine behov. Barnehagane våre har svært god dekning av barnehagelærarar og assistentar med fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar.

Tidleg innsats er eit gjennomgripande mål. Eit kompetent personale er eit personale som ser barnet og som veit kva som skal til for å fremje god utvikling. Tre av dei kommunale barnehagane har spesialpedagogisk personale og det er ei målsetjing å ha denne kompetansen i alle barnehagar.

Utgiftene til private barnehagar vil auke i tråd med Forskrift om likeverdig behandling, og vi får vi ein auke i utgifter til barnehageplassar i private barnehagar i Bergen kommune.

Fødselstala så langt i 2014 ser ut til å vere som i eit normalår, men tilflyttinga veit vi ikkje så mykje om enno. Me har framleis noko ledig kapasitet ved Hauge barnehage, og ved Lonevåg barnehage vil det vera mogleg med utbygging av fleire avdelingar/nye plassar. Ved dei andre barnehagane er det ikkje ledig areal.

Ein har og behov for å utvide stillinga som spesialrådgjevar barnehage frå 90 til 100 % pga av auka arbeidsmengde, nye tilsynsoppgåver og satsinga på kompetanseheving framover.

Barnetalet pr i dag indikerer ikkje at det vil vera behov for å fylla opp ein heilt ny avdeling med born frå hausten 2015, sjølv om dette vart skissert i økonomiplanen 2015 -18. Det er ikkje lagt inn midlar til ei slik utviding i budsjettframlegget.

Skulane har no ein områdestruktur med færre einingar, med mindre innbyrdes variasjonar, mellom anna i elevtal. Inntil kommunen har tilstrekkeleg utbygd kapasitet, vil Hauge skule halde fram som ein 1 – 4 skule. Dette inneber at dei økonomiske effektane av ny struktur ikkje er trådd i kraft fullt ut.

Dette går utover drifta til skulane. Det er eit stort behov for styrking når det gjeld:

- Elev pc'ar. Behov for om lag 170 nye maskiner. Deler av dette behovet er finansiert for 2015.
- Fornying av læreverk
- Lydbøker
- Materiell til framandspråklege
- Formingsmateriell
- Konkretiseringsmateriell

Ressursinnsatsen i styrkingstiltaka for dei yngste elevane må aukast med tanke på tidleg innsats, og reduserast tilsvarande for dei eldste elevane. Det er eit stort behov for styrkingstiltak, men det tar naturleg nok tid å redusere for dei eldre elevane (behov for nye sakkunnige utgreiingar/ og auke av midlar til tilpassa opplæring).

Lønsbudsjettet for skulane er nedjustert med kr 1,2 millionar kronar frå hausten 2015. Grunnlaget for dette er at elevtalsprognosane viser lågare elevtal. Erfaringar frå 2014 viser at slike prognosar er usikre (elevtalet sank ikkje i 2014, grunna auka tilflytting). Dette medfører altså ein risiko i budsjettet.

Vaksenopplæringa held til i tronge og lite tenlege lokale. Uteområdet er trafikkfarleg og har ikkje universell tilkomst.

Stillingsressursane ved vaksenopplæringa redusert betydeleg siste året, slik at ein har ei effektiv, men svært stram drift.

I tråd med signala frå Utdanningsdirektoratet og VOX, satser ein på å byggje ut og utvikle tilbodet i grunnskulefag, grunnleggjande dugleikar og realkompetansevurdering for vaksne.

I samband med at kommunen skal ta imot flyktningar frå vinteren 2014/15 utvider vaksenopplæringa drifta med introduksjonsprogram for flyktningane. Opplegget blir planlagt og koordinert i nært samarbeid med den tverretatlege prosjektgruppa i kommunen.

Om vaksenopplæringa skal ha større lokale, er det viktig at all drift framleis er samlokalisert for best mogleg pedagogisk utbytte og utnytting av ressursane.

Kulturskulen er i god utvikling i samsvar med meldinga til formannskapet i 2012. Osterøy kulturskule driv opplæring innafor musikk, dans, media og visuell kunst. Dette er i tråd med kommunen sin vedtekne «kulturskuleplan» som legg føringar for at kulturskulen skal gje tilbod innanfor eit mangfald av kunstartar.

Kjerneområdet er naturleg nok individuell musikkundervisning, men i inneverande år er elevtalet på dans og teater dobla medan tilbodet innan individuell musikkundervisning har vorte redusert. Med nye tilbod vert det og trong for eigna lokalar for større grupper.

Ein har ikkje lagt inn prisauke for desse tenestene i 2015.

Feltet **kultur** kan diverre lite prioriterast i den økonomiske stoda ein har i kommunen . Rådmannen har berre funne plass til ei framskriving av budsjettmidla som vart løyvd i 2014, kr 100 000 til kulturmidlar og drift av ungdomsrådet. Behovet her er nok nærare kr 350.000 samla sett. Rådmannen har heller ikkje denne gang funne midlar til den vakante 50 % stillinga som kulturkonsulent.

Osterøy bibliotek har som visjon å vere eit aktivt og kreativt kultur- og kunnskapssenter, – ein oase og eit digitalt rom – , der menneske kan søke inspirasjon, informasjon og kunnskap. Osterøy bibliotek har fylgjande satsingsområde:

- Barn og unge
- Kultur
- IKT og kunnskap

Den nye bibliotekbussen «MIME» starta opp 25.august 2014. Med høgtidleg opning ved fylkeskultursjef Tryti og med sitat frå Bergens Tidende 26.08.2014: «Ifølge fylkeskultursjef Tryti er dette Nordens mest moderne og mangfoldige bokbuss.

- Osterøy er en foregangskommune og har en kreativ biblioteksjef som har kjempet for å få dette til. Nå heter det ikke «look to Bergen», men «look toOsterøy».

Tryti understreker at et flyttbart bibliotek er et flyttbart kulturtilbud. Det bidrar til å trene opp lesing og refleksjon, og er sånn sett grunnleggende for demokratiet.

Hun mener bibliotekene, etter lang tids forsømmelse, er i ferd med å få en renessanse. Trang kommuneøkonomi gjør det imidlertid vanskelig å opprettholde et fullt utbygd bibliotektilbud.

- Osterøy har måttet redusere åpningstidene til hovedbiblioteket for å få råd til ny buss. Men på disse smale veiene er det kanskje ekstra viktig med et bibliotek som oppsøker leserne, sier Tryti til BT etter åpningsseremonien.»

Barnehagane, skulane, omsorgsbustadene og sjukeheimen vil få god nytte av den nye bokbussen. Formidling og lesestimulering for barn er svært viktig, samt å gje tilbod til eldre som ikkje kjem seg til hovudbiblioteket.

Biblioteket har i dei siste åra hatt knappe lønsressursar og har hatt vakante stillingar. Frå 2015 kan ein igjen utvide opningstida.

Familiens hus
Me må ta høgde for auke i talet på plasserte barn i barnevernstenesta, men budsjettet gjev ikkje rom for dette. Det er difor fare for budsjettoverskriding. Rådmannen har ei målsetjing om at barnevernet budsjetterer med ein buffer for slike utgifter. Dette er det førebels ikkje funnet rom for.

Budsjettet føreset redusert bemanning, som kan føre til at Barnevernet må kjøpe fleire tenester utanfrå. Dei siste åra har Tverrfagleg teneste hatt fleire oppdrag som igjen har ført til reduserte utgifter i barnevernet.

Rådmannen er lei for at det ikkje er rom for å styrke helsestasjonen og jordmortenesta, slik regjeringa tar til orde for. Ein mannskapsauke her ville utan tvil forsterka sektoren sitt arbeid med førebygging av skeivutvikling og styrking av barn og unge si psykiske helse.

Rammene innanfor dei ulike tenestene er knappe. Det er ikkje buffer i høve til uføresette hendingar, og det vil vere krevjande å snu ressursinnsatsen på kort tid.

Tiltak for å oppnå budsjettbalanse

Skule:

- Reduksjon av spesialundervisning.
- Tilbod til minoritetspråklege har ikkje stetta minstekrava i opplæringslova. Ein legg til grunn at dette vil betre seg i samband med flyktningeprosjektet, der ein vil arbeide målretta og strukturert med betring.

Barnehage:

- I utgangspunktet ikkje ressursar til å opna ny avdeling ved Lonevåg barnehage hausten 2015, men noko betra situasjon med auka løyving til sektoren med kr 581 000.

Familiens hus:

- Reduksjon i driftsmidlar.
- Reduksjon i stillingsressursar.

- Ingen økonomisk buffer ved auke i barnevernstiltak.

Helsestasjonen:

- Ingen auke på Helsestasjonen/ jordmortenesta (60 %), til tross for auke i rammeoverføringa frå staten

Vaksenopplæringa:

- Auke i brukarbetalinga hausten 2015.

Biblioteket:

- Bruk av fond for å saldera drifta.

Kultur og kulturskulen:

- Reduksjon i driftsmidlar.
- Kulturskulen har 16 % undervisning på ungdomskulen (nedtrekk).
- Ikkje fullfinansiering til å drifta Ungdomsrådet
- Ikkje kulturmidlar
- Vakant kulturkonsulent , 0,5 årsverk

Tiltak dersom den økonomiske ramma var noko større:

Sektoren:

- Leige ekstern kompetanse til utarbeiding av kommunedelplanen for Oppvekst.

Skule:

- Auka midlar til undervisningsmateriell, stort etterslep av behov.
- Styrking av tilpassa opplæring, fare for at spesialundervisninga kan auke.
- Auke kjøp av PC-ar
    - Det er lagt inn midlar til kjøp av om lag 1/3 av innmeldt behov.

SFO:

- Ha ope i skulen sine feriar og fridagar.
- Ha sommarope.

Barnehage:

- Styrke styrarstillinga i Lonevåg barnehage. Snart over 100 barn
- Auke i grunnbemanninga

Familiens hus:

- Tilbod om open barnehage.

Biblioteket:

- 40 % stillingsressurs til å ha 5 dg ope på hovudbiblioteket.

Kultur og kulturskulen:

- Finansiering til å arrangera UKM

Utvikling i sektoren si økonomiske ramme	2014	2015
Opprinneleg budsjett 2014	157 092	
Justert budsjett 2014	156 300	
Rammeløyving 2015 – framlegg frå rådmannen		**166 000**
Rammeløyving 2015 – innstilling frå formannskapet		**166 000**
Rammeløyving 2015 – vedtak i heradsstyret		**166 581**

Gjennomgåande styringsindikatorar for sektoren

	Status 2013	Mål 2015	Mål 2018
Budsjettbalanse	2,6 % meirforbruk	0 % avvik	0 % avvik
Medarbeidarsamtale	95 %	100 %	100 %
Sjukefråvær	6,7 %	Reduksjon	Reduksjon

Grunnskule

Grunnskulen i Osterøy har som visjon å gje elevane lærelyst og arbeidsglede. Gjennom dette arbeidet har ein som målsetjing at læringsutbyttet til elevane skal bli større.
I kvalitetsutviklingsplanen for grunnskulen i Osterøy har vi 4 prioriterte satsingsområde:

- Grunnleggjande dugleikar.
- Godt læringsmiljø
- Vurdering for læring og utvikling
- Profesjonelle medarbeidarar

For budsjettåret 2015 har vi i tillegg følgjande hovudfokus:

- Tidleg innsats med målretta tiltak.
- Ungdomssteget i utvikling – nasjonal satsing på ungdomssteget med skulebasert kompetanseutvikling.
- Meir fokus på tilpassa opplæring med målsetjing om å redusere behovet for spesialundervisning.

Kvalitetsindikatorar	Status 2013	Status 2014	Mål 2015	Mål 2018
Støtte frå lærar	Ny indikator	7.kl.: 4,4 10.kl.: 3,8	7.kl.:4,5 10.kl.:4,0	7.kl.: 4,6 10.kl.:4,6
Vurdering for læring	Ny indikator	7.kl.: 4,0 10.kl.:3,5	7.kl.:4,1 10.kl.:3,8	7.kl.: 4,5 10.kl.:4,5
Mobbing	7.kl.: 1,3 10.kl.:1,3	7.kl.: 1,4 10.kl.:1,0	7.kl.:1,2 10.kl.:1,0	7.kl.: 1,0 10.kl.: 1,0
Meistring	Ny indikator	7.kl.: 4,0 10.kl.: 3,9	7.kl.:4,1 10.kl.: 4,0	7.kl.: 4,3 10.kl.: 4,3
Læringskultur	Ny indikator	7.kl.: 3,6 10.kl.: 3,3	7.kl.: 3,7 10.kl.: 3,5	7.kl.: 4.0 10.kl.:4,0
Gjennomsnittspoeng for avgangselevar	40,5	38.8	41	42
Gjennomsnittleg poengsum i norsk – 5.klasse	1,9	1,8	1,9	2,1
Gjennomsnittleg poengsum i engelsk – 5.klasse	1,8	1,8	1,9	2,1
Gjennomsnittleg poengsum i matematikk – 5.klasse	1,9	1,8	1,9	2,1
Gjennomsnittleg poengsum i norsk – 8.klasse	3,1	3,2	3,3	3,5
Gjennomsnittleg poengsum i engelsk – 8.klasse	3,0	3,0	3,1	3,5
Gjennomsnittleg poengsum i matematikk – 8.klasse	3,0	3,1	3,2	3,5
Gjennomsnittleg poengsum i norsk – 9.klasse	3,1	3,6	3,7	3,7
Gjennomsnittleg poengsum i matematikk – 9.klasse	3,2	3,3	3,4	3,7

Kommentarar til nøkkeltal – status og mål i planperioden

1.-5. Elevundersøkelsen
Indikatorane i elevundersøkelsen vart endra det siste året. Vi har derfor endra indikatorane i budsjettskrivet slik at dei er i samsvar med indikatorane som vert nytta i den årlege Tilstandsrapporten. Den einaste indikatoren som står att er måletala for mobbing. Der har vi hatt ei svært positiv utvikling på ungdomsskulen, medan gjennomsnittstalet for barneskulane syner negativ utvikling. Dette må vera eit viktig satsingsområde i tida framover.

6. Gjennomsnittspoeng for avgangselevar i grunnskulen har sidan 2010 lagt lågare enn landsgjennomsnittet. Ein har sidan den tid hatt eit større fokus på elevane sitt læringsutbytte.
7. Gjennomsnittspoenga for avgangselevar hadde ein god framgang frå 2010 til 2013. Så har vi fått eit nytt år med negative resultat. Vi nærmar oss no landsgjennomsnittet igjen. Ei målsetjing må vera å betre dette resultatet.

7-12.Nasjonale prøver.
Når det gjeld nasjonale prøver, har ein sidan desse vart innført hausten 2007, lagt langt under landsgjennomsnittet. Skulane har hatt fokus på dette arbeidet sidan dei fyrste resultata kom i 2007 og jobba målretta med opplæringa. Det systematiske arbeidet over tid syner resultat. Ungdomssteget har hatt ei svært positiv utvikling frå 8. til 9.trinn i norsk og matematikk. Ungdomssteget har ikkje nasjonale prøver i engelsk for 9.trinn. For 5.trinn var skuleåret 2013/14 eit utfordrande år. Dette var første året med ny skulestruktur på barnesteget. Dei nasjonale prøvene skulle gjennomførast få veker etter at skuleåret starta. Både elevar og lærarar hadde då mange andre utfordringar å tenkje på enn nasjonale prøvar. Resultatet for 5.trinn har nok vorte påverka av denne situasjonen. Målet må vere å halde fram med det målretta arbeidet. Jfr kvalitetsutviklingsplanen for grunnskulen i Osterøy kommune.

Fokusområde i 2015 frå temaplanar / kommunedelplanar	2015
Grunnleggjande dugleikar	Fokus på lese- og skriveopplæringa. Fokus på matematikkopplæringa. Fokus på digitale dugleikar. Nytte kartleggingsverktøy i dei grunnleggjande dugleikane. Kompetanseutvikling for lærarane. Tidleg innsats med målretta tiltak på alle nivå.
Godt læringsmiljø	Fokus på klasseleiing. Fokus på overgangar mellom ulike skuleslag. Elevmedverknad. PALS* Styrke samarbeidet med FAU** Trivselsleiarane***
Vurdering for læring og utvikling	Motivering og opplæring i å nytte KIS-verktøyet****. Skulane skal ha periodeplanar som konkretiserer kompetansemåla for kvart trinn, og tydeleggjer delmåla og kjenneteikna for måloppnåing. Elevane får systematisk undervegsvurdering.
Profesjonelle medarbeidarar	Setje elevane sin faglege og sosiale utvikling i sentrum. Godt samarbeid med føresette. God dialog mellom dei ulike nivåa i kommunen. Relevant kompetanseutvikling.
Ungdomssteget i utvikling – nasjonal satsing på ungdomssteget	Skulebasert kompetanseheving i samarbeid med nasjonale rettleiarar. Arbeidet starter haust 2015.
Fokus på tilpassa opplæring med målsetjing om å redusere behovet for spesialundervisning.	Kva er tilpassa opplæring og korleis kan skulane leggja til rette for dette? Vurdere grunnbemanninga til skulane.

	Innføre nye rutinar for tilmelding til PPT.

* PALS står for Positiv Atferd, støttande Læringsmiljø og Samhandling. PALS er en tiltaksmodell med mål om å redusere problematferd i skulen gjennom å utvikle positiv atferd og å fremme et støttande læringsmiljø.

** FAU. Foreldrerådet sitt arbeidsutval.

*** Trivselsleiarane. Trivselsleiarprogrammet er eit program for auka aktivitet og tryggleik i friminutta.

**** KIS (Kvalitet i skulen) verktøy for heilskapleg skuleutvikling. Grunntanken i KIS er at kvalitetsheving skjer gjennom å involvere alle aktørar og ledd i ein systematisk utviklingsprosess. KIS tek utgangspunkt i eit konkret undervisningsopplegg som vert planlagt og gjennomført av lærarane og dannar grunnlaget for ein dialog om pedagogisk praksis.

Framskriving av grunnskuledrifta har teke omsyn til endra skulestruktur frå hausten 2013.

Hausten 2012 vart det innført valfag i 8.klasse. Hausten 2013 vart denne ordninga vidareført for 9.klasse og hausten 2014 vart denne ordninga fullført med valfag på alle trinn i ungdomsskulen.. Timetalet til elevane vert såleis utvida også på 10.trinnet, j.f. ny fag- og timefordelingsplan. Fullstendig innføring av valfag i ungdomsskulen får heilårsverknad frå budsjettåret 2015.

Nøkkeltal Grunnskule	Skuleåret 2010/2011	Skuleåret 2011/2012	Skuleåret 2012/13	Skuleåret 2013/2014	Skuleåret 2014/2015
Elevtal barnesteget	687	675	689	676	659
Elevtal ungdomssteget	355	305	280	253	256
Klassetal barnesteget	40	40	39	36	35
Klassetal ungdomssteget	11	11	10	9	9
Årsverk undervisning	105,1	103,4	97,5	91,5*	87,2*
Årsverk assistentstillingar	17	20	18	12	9,5

* I tillegg 4 stillingar til ungdomssteget, statleg styrking. Denne ordninga vart oppretta skuleåret 2013/14 og intensjonen var at den skulle vare i 3 – 4 år. Ordninga blir evaluert kvart år og kan bli endra. Stillingane er fullfinansiert gjennom øyremerka tilskot frå staten.
Endra skulestruktur samt ny tildelingsmodell av ressursar til skulane, har ført til ein reduksjon på 6 lærarstillingar og om lag 6 assistentstillingar frå hausten 2013.

Resultatet av sentrale forhandlingar om arbeidstidsavtale for det pedagogiske personalet, førte til at grunnbemanninga ved alle grunnskular auka med 0,5 time pr. elev frå 01.08.12. For Osterøy kommune sitt vedkomande utgjer dette om lag 0,8 % stilling. Innføring av valfag på ungdomssteget fører til ein auke i bemanninga på 0,3% stilling kvart år frå hausten 2012 til og med hausten 2014.

Skulefritidsordninga

Osterøy kommune gjev i dag tilbod om SFO ved alle barneskulane.
Det vert ikkje gjeve noko tilbod om SFO i skulen sine ferie og fridagar.

Mål:
SFO skal gje borna eit trygt og utviklande fritidstilbod før og etter skuletid i samsvar med § 13 – 7 i Opplæringslova og dei kommunale vedtektene.

Noverande drift er vidareført for 2015
Det vil seia at skulane Haus, Lonevåg, Valestrand og Hauge gjev eit heildagstilbod; skule, leksehjelp og sfo.
Ved Fotlandsvåg er tilbodet om SFO 15 timar veke. (+ skule og leksehjelp)

Bemanning ved SFO:
1 vaksen per 13/14 born

Foreldrebetaling:	**2014**
• Mindre enn 9 timar veke	kr. 1 330
• 9-15 timar veke	kr. 1 845
• Meir enn 15 timar veke	kr. 2 550

Kvalitetsindikatorar	Status 2014	Mål 2015	Mål 2018
Plan for SFO-tilbodet i Osterøy kommune	Nei	Temaplan under ein ny oppvekstplan	
SFO-tilbod i feriar	0	0	Alle
Del tilsette med relevant utdanning	48,3 %		70%
SFO-tilbod til alle elevar	Alle	Alle	Alle

Fokusområde frå temaplanar / kommunedelplanar	2015
Leksehjelp ved alle skular	Fortsett
Ny plan for sfo-tilbodet	Oppstart
Utvide tilbodet til 11 mnd drift	?
Plan for kompetanseutvikling av personalet	Gjennom Nordhordland kursregion

Skulefritidsordningar /leksehjelp	Skuleåret 2010/2011	Skuleåret 2011/2012	Skuleåret 2012/13	Skuleåret 2013/2014	Skuleåret 2014/2015
Bemanning, årsverk	6,22	9,35*	9,80	7,20	7,20
Tal born med opphaldstid 6-14 veketimar	179	165	170	156	156
Tal born med opphaldstid over 15 veketimar	22	22	36	22	20
Tal born med særlege behov	4	4	4	4	0
Leksehjelp		360	350	350	350

*Den store auken på SFO skuldast innføring av leksehjelp frå 01.08.11.

Barnehage

Mål

- Barnehageplass til alle som ønskjer det i tråd med definerte kommunale behov og statlege føringar. Eit variert og brukartilpassa tilbod som så langt råd er tilpassa born og foreldre sine behov.
- Barnehageplassar med høg kvalitet og stort mangfald i tilbodet.
- Barn sin trivsel dei vaksne sitt ansvar
- Tidleg innsats med målretta tiltak.
- Eit kompetent personale – som er i stand til å gje læring og omsorg i samsvar med kommunale og sentralt gjevne føringar og målsetjingar.

Kostnadsauke i kommunale barnehagar:

- **Auke i kommunale barnehageplassar frå 1. august 2014**.
  Stor etterspurnad av barnehageplassar ved hovudopptak 2014/2015 medførte oppretting av nye barnehageplassar ved Valestrand, Hauge, Mjøsdalen og Haus barnehagar.
  21 barn/plassar i kommunale barnehagar og også ein auke i plassar ved dei private barnehagane.
- **Auke i kommunalt tilskott til private barnehagar**. Forskrift om likeverdig behandling fastset tilskotet ut frå ein minimumssats på 98% av den kommunale drifta (heilårsverknad) - og rekneskapstal for 2013 for den priv.bhg.
- **Auke i talet på barn busett i Osterøy kommune med barnehageplass i Bergen kommune** (private bhg.) Det er ein auke i tal barn for 2014 og vi får ei overskriding på budsjett 2014. Det er ei utfordring å budsjettere rett, fordi dette er barn/foreldre/føresette som vi ikkje veit om, og som ikkje har søkt plass i «våre « barnehagar. Kostnadane per barn er basert på ein statleg sats.

Kostnadsredusering av kommunale barnehagar:

Betring av inntektssida:

- Foreldrebetaling – sikra så langt råd er foreldrebetaling for 11 mnd.
- I statsbudsjettet for 2015 er det framlegg om å auke foreldrebetaling i barnehage til kr 2 580 gjeldande frå 1. januar 2015.
  Samstundes vert det lagt opp til reduksjonar i foreldrebetaling for dei med mindre enn

kr. 405.000 i inntekt per år gjeldande frå 1. august 2015.

Noverande satsar:
5 dagar veke kr 2405
4 dagar veke kr 2180
3 dagar veke kr 1920

Utvida opningstid
Kostnaden ved å utvide opningstida med 30 minutter, 5 dagar i veka, vil verte som følgjande (årskostnad):

Haus barnehage, 40% stilling, om lag kr 230 000 (kostnad hausten 2015 om lag kr 105000)
Valestrand barnehage, 20% stilling, om lag kr 115 000 (kostnad haus 2015 om lag kr 52 500)

Kostnad ved auka opningstid for alle barnehagane : 180 % stilling, utgjer om lag kr 1 035 000 (kostnad haust 2015, om lag kr 470 000).

Om ein ynskjer å gje dette som eit tilbod i nokre barnehagar vil ein ha mest å hente økonomisk på å utvide opningstidene i Haus og Valestrand barnehage. Dette fordi ein ser at dei foreldra som tar med seg barna sine til Bergen, bur spreidd på Osterøy Ved å auke opningstida i Haus og Valestrand vil ein ligge på hovudinfrastrukturen mot Bergen, og i større grad vere eit relevant tilbod til desse familiane.

Dette er tiltak som ikkje er finansiert i budsjettframlegget for 2015.

Kvalitetsindikatorar	Status 2014	Mål 2015	Mål 2018
Barn i barnehage 0- 5 år (priv./kommunale bhg)	424	435	490
Barn på venteliste (utan rett til barnehageplass)	24	10	0
Kommunale barnehagar	6	6	6
Private barnehagar	2	2	2
Dispensasjonar - Pedagogisk personale Kommunale og private barnehagar	3	2	0
Del styrarar og pedagogiske leiarar med pedagogisk utdanning	Alle	Alle	Alle
Del assistentar med relevant utdanning (barne-og ung.domsarb.)	90%	90%	Alle
Tal minoritetsspråklege barn som går i barnehage	33	33	Alle
Brukarundersøking kvart 3.år		2014/2015	Gjennomført
Indikator frå brukarundersøking – Fysisk utemiljø		5.2	5.4
Indikator frå brukarundersøking – Tilgjenge		5.2	5.4
Medarbeidar /organisasjon			
Årsverk			
Gjennomført brukarsamtale	Alle	Alle	Alle

Kommentarar til nøkkeltal – status og mål i planperioden

- Det er ei utfordring å definere framtidige behov for barnehageplassar. Utbygging av barnehageplassar må sjåast i samanheng med politiske vedtak, auke i fødselstal, vekst i folketal/auke i tilflytting
- Osterøy kommune fyller lovkravet om retten til barnehageplass
- Omlag 25 born på venteliste som ønskjer plass hausten 2014 eller frå 1. januar 2015, men fyller ikkje retten til barnehageplass per definisjon.
- Tilskot til andre kommunar for born busett på Osterøy som har ein barnehageplass i andre kommunar. (Bergen)

Kva er lovpålagt når det gjeld barnehage:

a. Å oppfylle retten til barnehageplass innan gjevne kriterier
b. Å gje støtte til private barnehagar
c. Å føre tilsyn med alle barnehagar i kommunen - og sjå til at dei har ei drift i samsvar med gjeldande regelverk

Tiltak/fokusområde frå kommunedelplanar/temaplanar	**2015**
Nye barnehageplassar Lonevåg barnehage	Opne nye barnehageplassar hausten 2015
Tidleg innsats med målretta tiltak på alle område	Opplæring og kompetanseutvikling
Barnehagen som kulturformidlar	Kultursatsing i barnehagane
Pedagogisk leiing	Styrka leiarskap som fører til utvikling og kvalitet
Eit kompetent personale - alle tilsette har god kompetanse og er i stand til å gje læring og omsorg i samsvar med kommunale og sentralt gjevne målsetjingar	Rekruttere og behalde fagpersonale – pedagogdekning som er i tråd med Lov om barnehagar.
Utvikle kvar barnehage til ein lærande organisasjon	Opplæring og kompetanseutvikling
Samarbeid barnehage - skule	Evaluere og revidere plan for overgang barnehage -skule
Barnehageplan – plan for oppvekst	x
***Kompetanseplan for tilsette i barnehage**	2014/ 2015
Auke i grunnbemanning ved barnehagane	Kommunal standard for tal på vaksne per barn blir utgreidd
Plan for minoritetsspråklege barn i barnehagen	2014/2015
Auke i driftsmidlar til barnehagane	
Fleire opptak i barnehagane – vi har eit hovudopptak og vi fyller kravet og etterspurnaden om rett til barnehageplass.	Utgreidd
Brukarundersøking i barnehagane	2014/2015

»Vere saman» har fokus på den autoritative vaksne(den tydelege og varme)og omhandlar implementering av grunnleggjande haldningar i barnehagen med særleg fokus på:

- *Kompetanseheving i barnehagen – ei felles pedagogisk plattform*
- *Implementering av den autoritative vaksne (den tydelege og varme)*
- *Betre samhandling mellom barn og vaksen*

Osterøy kommune oppfyller kravet om rett til barnehageplass jfr. Lov om barnehagar. Ved hovudopptak 2014/2015 vart alle søkjarar med rett til barnehageplass imøtekome. Dette medførte oppretting av nye plassar ved Mjøsdalen, Hauge, Valestrand og Haus barnehagar.

Familiens hus

Familiens hus har i tillegg til mange lovpålagde oppgåver, ei målsetjing om tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid. Kommunepsykolog, familierettleiarar, familieterapeut og miljøterapeut er organisert i Tverrfagleg teneste. Tverrfagleg teneste er initiativtakar i det førebyggjande, tverrfaglege samarbeidet, samtidig som tenesta tar oppdrag for barnevernstenesta og andre kommunale og statlege tenester, samt direkte frå foreldre og private einingar. Vi ser at denne organiseringa bidreg til kvalitativt gode tiltak som er kostnadseffektive for kommunen. Signal frå styresmaktene viser at statlege barnevernstiltak skal byggjast ned og at kommunane skal ta større ansvar for lokale tiltak. For å sikre robuste og kvalitativt gode tenester, må vi ha fokus på kompetanseutvikling.

Foreslegne kutt vil redusere kompetansebredde og kapasitet i Tverrfagleg teneste og medføre at Barnevernet må kjøpe fleire tenester utanfrå. Tverrfagleg teneste vil ha et avgrensa register av tiltak når kompetansebasen vert minimert. Vi venter at utgifter til Barnevernet vil vere jamt aukande. Vi har redusert kostnadene i *tiltak i familien* ved å nytte eigne krefter i Tverrfagleg teneste og vil framleis sjå ein samanheng mellom kapasitet og kompetanse i Tverrfagleg teneste og barnevernsutgiftene. Faren for budsjettoverskridingar er stor når det ikkje er funnet rom for å budsjettere med ei auke i verken plasseringar eller tiltak i heimen.

PPT har fortsett hovudfokus på sakkunnig arbeid, men tverrfagleg samarbeid og systemarbeid får auka merksemd. Kutt i tverrfagleg teneste vil få konsekvensar for PPT sin moglegheit til å jobbe meir systemretta.

Mål i 2015

- **Igangsette førebyggande tiltak**
- **Auka fokus på tverrfagleg samarbeid**

Kvalitetsindikatorar	Status pr.30.06.14	Mål 2015	Mål 2017
BV: Fristoverskridingar ved undersøkingar	14%	10%	0%
BV: Tiltaksplanar i alle frivillige tiltak saker	92%	95%	100%
BV: Oppfølging fosterbarn (4 besøk i året)	86%	95%	100%
BV: Tilsyn i fosterheim (4 tilsyn i året)	74%	95%	100%
BV: Brukarundersøking	0	0	1
Ventetid hjå PPT	8 mnd	3mnd	0
Samlingar for gjensidig kompetanseutveksling mellom skular, barnehage og Familiens hus	1	2	2 gr.pr.år
Foreldrerettleiingskurs	1	2	5

Årsverk i Familiens hus*	B 2013	R 2013	B 2014	R 2014
Helsestasjon	5,0	4,8	4,8	4,8
PPT	3,0	3,0	3,0	3,0
Tverrfaglig tjeneste	4,0	4,0	2,9	4,0*
Barnevern	5,4	*5,4	5,4	5,4*
Sum årsverk	17,4	**17,2**	**16,1**	**17,2***

* I 2012 fekk ein ei 100% stilling frå fylkesmannen, i 2013 ei ny 60 % stilling, i 2014 fikk vi enda ei 100% stilling. For 2014 finansierer fylkesmannen 2,6 stillingar i barnevernet og Tverrfagleg teneste.

Nøkkeltal i barnevern	2011	2012	2013	2014
Aktive saker pr. 30.09	99	108	108	94
Barn i fosterheim og institusjon pr. 30.09	22	25	24	26
Barn i andre hjelpetiltak pr. 30.09	56	65	65	50

Talet på sakar er lik, men sakene er meir alvorleg/ arbeidskrevjande og fleire skal prøvast rettsleg. Det er vidare eit fokus på at familiar ikkje skal ha hjelpetiltak over lang tid utan at det er nødvendig. Heller avslutte sak, og evt. motta ny melding om det på nytt er behov for bistand frå barneverntenesta.

Helsestasjon og skulehelsetenesta

Tenesta er lovfesta som eit viktig tiltak i kommunane for å sikre barn og ungdom i alder 0-20 år eit godt oppvekstmiljø, og skal vere eit kraftsenter for helse og oppvekst i kommunane.

Mål
Helsestasjons- og skulehelsetenesta skal bidra til å førebygge sjukdom og fremje god fysisk og psykisk helse hos blivande foreldre og barn og ungdom 0-20 år.

Tenesta er et lågterskeltilbod og skal vera lett tilgjengeleg for alle brukarar i målgruppene.

Helsestasjons- og skulehelsetenesta, samt den kommunale svangerskapsomsorga, skal ha rutiner for samarbeid med fastlegane, med andre kommunale tenester, med tannhelsetenesta, med fylkeskommunen og med spesialisthelsetenesta.

Organisering av tenesta
Vi har i dag 4,8 stillingar ved helsestasjonen, fordelt på 2 helsesøstrer i 100% stilling, 2 helsesøstrer i 80% stilling, 1 jordmor i 60% stilling og 1 helsesekretær i 60 % stilling.
I 2011 endra vi arbeidsfordelinga slik at 2 av helsesøstrene i dag har primært skulehelsetenesta, medan 2 primært har helsestasjonsarbeidet. 3 av helsesøstrene har ansvar for Helsestasjon for ungdom, eit tilbod for unge i alderen 13-20 år som er open ein ettermiddag i veka.

Utfordringar
Vi har i 2012-2013 opplevd at fleire elevar har besøkt oss i skulehelsetenesta og mange har samansette vanskar og av psykisk karakter. I skuleåret 2013-2014 starta vi opp med eit tilbod til alle barneskulane der alle 5.klassingar fekk informasjon/opplæring i Psykologisk førstehjelp. Dette er eit ledd i det primærførebyggande arbeidet og som vi vil fortsette med i kommande år.

Vi hadde fram til august 2013 psykiatrisk sjukepleiar som var fungerande helsesøster på vidaregåande skule. Ho hadde og mange oppdrag i høve til andre barn. Ho jobbar no på ungdomsskulen og har samarbeid med helsesøster der. Dei vil denne hausten , 2014, starte med jentegrupper på ungdomskulen for å styrke den psykiske helsa.

I 2012 hadde Osterøy kommune 100 fødslar. I 2013 hadde vi 94 fødsler og dette året vil talet være omkring 85. Dette er bra for kommunen, men gir fleire utfordringar med tanke på fleire som skal ha eit helsetilbod og på sikt barnehageplass.

Osterøy kommune har stor arbeidsinnvandring frå Aust-Europa, særleg Polen. Fleire og fleire busett seg her med heile familien og vi skal syte for ein god integrering. Både kultur og språk er utfordringar som vi ofte treff på i møte med våre nye tilflyttarar. Vi må ofte tilby desse familiane ekstra konsultasjonar.
Kommunen skal no busette flyktningar. Vi veit at flyktningar ofte har andre belastningar i tillegg og vi ynskjer å kunne demme opp for desse.

Nye nasjonale føringar og rettleiingar i Barselomsorga vil krevje ein auke i ressurstildelinga om desse krava skal kunne innfriast.

Kvalitetsindikatorar	Status 2014	Mål 2015	Mål 2018
Fødsels førebuande kurs til førstegongsfødande	0	80 %	100%
Heimebesøk til alle nyfødde innan 14 dagar	94%		Alle skal få tilbod innan 1 veke etter heimkomst
Gjennomføring av konsultasjonar i tråd med retningslinjene og innan fastsette tidsrammer		90 %	100%
Samarbeidsavtale og faste møter med fastlegane	1g	2g årlig	1g i mnd
Samarbeidsavtale og faste møter med barnevern	1g	2g.årlig	2g årlig
Samarbeidsavtale og faste møter med PPT	1g	2g årlig	2g årlig
Samarbeidsavtale og faste møter med psykiatritenesta	1g	2g.årlig	2g årlig
Samarbeidsavtale og faste møter med fysioterapitenesta	0	1g i mnd	1g i mnd
Zippy rettleiing for lærarane		4 gangar	4 gangar
ICDP rettleiing for foreldre	1	1 kurs	2 kurs
Vaksinasjonsdekning	93%	95%	100%
Psykologisk førstehjelp undervisning til 5. klassingane	0	95 %	95 %

Vaksenopplæring

Våre overordna mål er å styrke grunnlaget for sjølvstendig innsats og samarbeid med andre i yrke og samfunnsliv, gjennom å gje vaksne menneske kunnskap, innsikt og dugleik som fremjer kvar einskild si verdiorientering og personlege utvikling.

Våre arbeidsområde er:

- Norsk for framandspråklege vaksne, per i dag for familiegjenforente og arbeidsinnvandrarar og flyktningar frå 2015. Arbeidsinnvandrarane er ei viktig gruppe, då desse er i ein sårbar situasjon i det norske samfunnet. Gjennom å auke norskkompetansen, førebyggjer ein sosiale og økonomiske utfordringar for denne gruppa.
- Grunnskuleopplæring for vaksne som har rett til dette grunna (1) mangelfull skulegang i opplæringsplikt alder, (2) erverva funksjonsnedsettingar grunna sjukdom/skade som har ført til tap av kompetanse på grunnskulen sine område, eller (3) medfødde funksjonsnedsettingar som medfører behov for langvarig opplæring og vedlikehald av grunnleggjande dugleikar.
- Introduksjonsprogram for flyktningar frå vinteren 2014/15.

Endringar i planperioden
Nye digitale læreverk i Norsk og samfunnskunnskap, og digitale prøver i dette, stiller krav om ein oppdatert PC-park, samt god og stabil nettleveranse. Vi er i ferd med å oppdatere PC-parken ved hjelp av fondsmidlar, blant anna trådlaust nett. Med tanke på prøvane, har ein samarbeid med Lindås kommune for prøveavvikling der, fordi kostnadane ved å gjennomføre prøvene lokalt på Osterøy vil vere forholdsvis store.

Hausten 2013 auka ein talet på grupper i Norsk og samfunnskunnskap frå 2 til 3 på dagtid, då spreiinga i tal land elevane kjem frå, og store sprik i språkkompetanse, gjorde dette naudsynt. Hausten 2014 auka ein frå 2 til 3 grupper på kveldstid. Frå 2015 kan det vere behov for ytterlegare differensiering ved at krava til kommunen sitt undervisningtilbod kan bli auka.

Behovet for auka timar i norsk med samfunnskunnskap fører til auka press på lokala og meir lærarressursar til norskundervisning. Siste året er vaksenopplæringa vesentleg redusert i ressursbruk, men det er vaksenopplæringa si vurdering at kvaliteten på undervisinga held same nivå som før. Målet er å nærme seg praksis som er i andre kommunar på dette området, samt legge opp til ei meir standardisert drift i tråd med nasjonale føringar.

I denne prosessen vil ein ha eit nært samarbeid med Bu- og avlastningstenesta og Opro, for å sikre at heilskapen i tilbodet for spesielt PU-elevar vert like godt som i dag eller betre. Leiinga på vaksenopplæringa har òg dialog med dei andre vaksenopplæringane i Nordhordland. Ein har ei kontinuerlig drøfting med desse verksemdene i forhold til "likeverd" og "likskap" i tilbodet til elevane som høyrer til Opplæringslova på tvers av kommunegrensene.

Mål for 2015
Det fysiske arbeidsmiljøet på vaksenopplæringa er ikkje godt for verken elevar eller tilsette. Osterøy taxi melder om farlege av- og påstigingstilhøve, elevane har ikkje moglegheita til å lufte seg i trygge omgjevnader, nokre av norskgruppene har for små klasserom, og det er ikkje tilrettelagt for fysiske funksjonsnedsettingar som medfører bruk av rullestol. Ei betring av det fysiske arbeidsmiljøet er difor viktig.

Vidare har Osterøy vaksenopplæring i 2015 følgjande mål:

- Større bruk av kartleggingsverktøy for å betre måloppnåing i undervisninga
- Kompetanseutvikling for lærarar
- Introduksjonsprogram for flyktningane

Tiltak for saldering av vaksenopplæringa

- Auke brukarbetaling hausten 2015
- Vurdere overgang til fast månadspris

Nøkkeltal vaksenopplæring	2012	2013	2014	2015
Deltakarar i vaksenopplæring	100*	99*	95**	108
Fornya grunnskuleopplæring	12		2***	2
Fornya grunnskuleeksamen		10	1	2
Opplæring med spesialpedagogisk tilråding og undervisning §4A1 og 2	20	20	18	18
Norsk rett og plikt	32	30	30	42
Norsk betalingselevar	26	25	35	30
Norsk II for ungdomsskulen****	2	6	4	-
Norsk II for barneskuleelevar****		8	7	-
Årsverk	6,8	6,7	6,7 Vår 5,75Haust	5,75 +1,00 flyktn

				+ adm flyktn

*Eige estimat, utan oppdragsundervisning.
** Basert på faktiske elevtal i personkretsen per. 15. oktober. Varierer frå månad til månad. I løpet av eit år har vi opp mot 100 unike elevar, då norskelevar kjem og går kontinuerlig.
***Elevar som går inn i gruppa «Opplæring med spesped tilråding og undervising §4A1 og 2» og i tillegg har regulær fornya grunnskuleopplæring
****Tala gjeld våren. Frå hausten 2014 organiserer grunnskulane dette i si eiga drift.

Bibliotek

Osterøy bibliotek har ein bibliotekplan for 2007 – 2011 som byggjer på vedteken plan for "Biblioteksamarbeid i Nordhordland" og intensjonane i "Bibliotekreform 2014". Rullering av bibliotekplan håper ein å få til i 2015. Ny biblioteklov frå 2014 og i revidert formålsparagraf står det mellom anna: *" Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet".*

Osterøy bibliotek har som visjon å vera eit aktivt og kreativt kultur- og kunnskapssenter – ein oase og eit digitalt rom – der menneske kan søke inspirasjon, informasjon og kunnskap.

Osterøy bibliotek har fylgjande satsingsområde:

- Barn og unge
- Kultur
- IKT og kunnskap

Biblioteket har nå ny bibliotekbuss, « Mime». Formidling og lesestimulering for barn er svært viktig, samt å gje tilbod til eldre som ikkje kjem seg til hovudbiblioteket. I 2013 og halve 2014 har vi ikkje hatt drift av bussen og difor nytta nokre av ressursane til førebuing av tilbodet og vore rundt på skulane med lesestimulering og formidling av litteratur. 0,4 stillingsressurs har stått vakant i fleire år og bokbusstilbodet har vore ustabilt eller ikkje eksisterande dei siste åra, noko som tydeleg gjer seg utslag i bibliotekstatistikken.

Biblioteket har dei to siste åra hatt 2,55 stilling og 0,8 av denne skal gå til bibliotekbussen. Resterande arbeidstid går med til publikumsarbeid, både direkte og digitalt. Biblioteka i Nordhordland har eit tett samarbeid og heradstyret vedtok i si tid at ein dag kvar veke, skal gå til dette.

Osterøy bibliotek har brukt å ha mange arrangement samanlikna med andre bibliotek. Dette skal ein no også gjere som følgje av Biblioteklova, men det krev mykje tid til planlegging og førebuing arrangementa. Og diverre som følgje av nye krav må ein bruke mykje meir tid på vanleg administrasjon nå enn før. Vi har diverre også hatt høgt sjukefråvær, noko som sidan Osterøy er ei IA-bedrift, tek mykje ressursar særleg for ein arbeidsplass med få tilsette.

Hovudbiblioteket har hatt oppe 19 timar og 3 dagar kvar veke i 2014. Måla i bibliotekplanen og dei tidlegare vedtekne måla for 2014 tilseier 5 dagar ope kvar veke. Frå før har vi grunna tidlegare budsjettkutt måtte stenge onsdagane, dette er brukarane veldig misnøgde med. Det er lagt ned 3 avdelingar sidan 1994 og samla opningstid har minka frå 47 til 19 timar. Forutsetningane for nedleggingane var at hovudbiblioteket skulle halde ope meir, slik at folk kunne kome når det passa dei. Sidan vi no er kome i gang med ny bibliotekbuss og nesten ferdig men den store omorganiseringa som gjer at brukarane lettare finn fram i biblioteket, vil vi starta med å ha ope 4 dagar kvar veke i 2015.

I «Mime» skal vi gjennomføre «Les for livet – del 2» som måtte stansast i haust, grunna innkjøpsstoppen. Det er eit nyskapande og utradisjonelt lesestimuleringsopplegg med iscenesetting etter tema som t.d. Noas ark, «skrekk og gru», «stjerner og planeter» osb., ei ny oppleving ved kvart bibliotekbussbesøk. På nokre av turane skal vi ha med formidlaren Adele Lerum Duus som også turnerear med «Den kulturelle skulesekken. Poenget er at barna må ut i bussen kvar gong han kjem for å få med seg ei ny kulturoppleving og verte oppmerksam på litteratur dei ikkje visste om at fanst.
På denne måten vert det lettare å finne litteratur og få lyst til å lese. Ungane vert gjort kjent med mykje forskjellig litteratur av alle slag både fag, skjønn, teikneseriar og e-bøker. Opplegget er i samarbeid med Den kulturelle skulesekken og Folkeakademiet.

Frå tidegare erfaringar og frå andre folkebibliotek, veit ein at biblioteket er noko av det første flyktningar og innvandrarar oppsøkjer. I samband med busetting av flyktningar, kan kanskje biblioteket bli ein plass for språkkafè for dei, etter modell frå Bergen offentlege bibliotek, men dette kan vi ikkje gjere utan ekstra ressursar.
Biblioteket vil sjølvsagt også skaffe depot av litteratur på språka flyktningane har, noko vi alltid gjer til nye landsmenn. Dessutan bør biblioteket kunne tilby digitale norskkurs.

Mål

- Auke lesestimulering i barneskulen
- Formidling, innkjøp og utlån av e-bøker
- Ny bibliotekplan
- Kvalitativt betre og utvida tilbod i den nye bibliotekbussen
- Tilbod til flyktningar

Fokusområde frå temaplanar / kommunedelplanar som gjennomførast i 2015
Nok PC-ar til publikumsbruk
Biblioteka i Nordhordland som Litteraturhus
Mime – utvida tilbod
Omorganisering av det fysiske biblioteket etter nye prinsipp også barneavdeling
Rullering av bibliotekplan (Må komme i etterkant av oppvekstplanen)
Samarbeide med musea og andre samarbeidspartnarar om utstillingar **Lesestimuleringstiltaket "Les for livet 2"**

Kvalitetsindikatorar	Status 2013	Status 2014	Mål 2015	Mål 2018
Tal på utlån frå bokbuss	8 396		12 000	15 000
% - vis sjølvbetente utlån	95 %		98%	98%
Digitale tekstbøker (e-bøker)	0		300	1 000
Tal utlån digitale tekstbøker	0		300	2 000
Digitale lydbøker	0		50	1 000
Tal utlån digitale lydbøker	0		100	2 000
Fjernlån frå andre kommunar	180		180	350
Fjernlån til andre kommunar	180		175	350
Tal arrangement	28		75	50
Deltakarar på arrangement	1 368		1 600	2 000
Deltakarar på lesestimuleringstiltak	700		700	700
Timar ope i veka	27	19	22	34
Årlege utstillingar	25		8	8

Årsverk	2011	2012	2013	2014	2015
Biblioteket	2,85	2,85	3,05*	3,05*	3,05*

* 0,5 stilling skulebibliotekar ved Osterøy vidaregåande skule finansiert av fylkeskommunen. 0,4 % stilling vakant i 2013 og i 2014

Kulturskulen

Osterøy kulturskule driv opplæring innafor musikk, dans, media og visuell kunst. Dette er i tråd med kommunens vedtekne kulturplan som legg føringar for at kulturskulen skal gje tilbod innanfor eit mangfald av kunstartar.

Kjerneområdet er individuell musikkundervisning sidan det er størst etterspørsel etter den tenesta, men elevtalet aukar gradvis innanfor andre kunstuttrykk. Særleg innanfor kor/dans og drama har elevtalet auka markant dei to siste åra. Rundt 80 elevar vil vera med på vårens barnemusikal «Planeten Plenty»
Etterspørselen etter individuelle plassar har gått noko ned. Dette er og ein trend i andre kulturskular.

Fagmål

1. Å gje kvar enkelt elev eit tilpassa tilbod.

2. Å vidareutvikla våre eksisterande tilbod innanfor musikk dans, drama, media og visuell kunst gjennom samarbeid innanfor dei ulike fagområda.

3. Å tilby kulturskulen sin kompetanse i samarbeidsprosjekt med barneverntenesta, omsorgstenesta, barnehagane og skule. Målet er å nytta kultur som ein viktig ingrediens for å gi ulike brukargrupper auka livskvalitet. Rockeverkstad for ungdom kan vera eit døme.

Ny rammeplan
På oppdrag frå kommunane arbeidast det for tida i norsk kulturskuleråd med ein ny rammeplan og fagplan som skal vera med på å sikre god kvalitet i kulturskulen. Kulturskulen er ein av fleire aktørar på fritidsmarkedet. Det gjer at ein må vera i utvikling, ikkje minst når det gjeld å gjera nytte av nye digitale læringsplattformar.

Samarbeid
Osterøy kulturskule er og ein bidragsytar i det frivillige musikkliv. Ein samarbeider tett med Haus og Lonevåg skulemusikklag (Osterøy felleskorps) om dirigent og instruktørtenester. Dette samarbeidet gir høve til å skapa konsertar der kulturskuleelevar og korpsmusikantar møtast og gjer prosjekt i lag.

Kulturskulen har i fleire år levert teneste til Osterøy lokallag for psykisk utviklingshemma gjennom musikkgruppa "Kor for ikkje" Dette er no brukarfinansiert og ikkje i regi av lokallaget.

Kulturskulen har frå 2014 hatt ansvar for Ungdommens kulturmønstring.

Ved Osterøy ungdomskule er det bygd ein rockeverkstad med støtte frå m.a. Musikkutstyrsordninga. No har kulturskulen og ungdomsskulen formalisert eit samarbeid for å skaffa eksterne midlar til drift av rockeverkstaden med støtte frå organisajonen «Musikk i skolen» som fordeler Frifondsmidlar.
Detter samarbeidet er tett knytt opp mot gjennomføring av UKM. Det er snakk om å skape arenaer for kulturaktivitet som er open for alle.

Nye tilbod, nye behov

Dei nye tilboda dei siste åra treng eigna lokale. Dette er spelt inn i samband med utviding av Lonevåg barnehage. Der er spesielt trong for rom til dans, og studio for lyd og bilde.

Brukarbetaling
I en konkurransesituasjon er rett pris på tenesta også viktig. Formålet med ein kulturskule er å gi alle som ønskjer det høve til å få utvikla sine talent innafor ulike kunstartar. Det skal vera eit lågterskeltilbod. Satsen på brukarbetalinga bør stå i stil med ei slik målsetjing. I dag er satsen kr 4 300, av dei høgste i landet. Kulturskulen fekk ei rekkje utmeldingar sist satsane vart heva. Rådmannen held denne satsen uendra for 2015. I høve til generelt gebyrtillegg i kommunen tilsvarar det ei tapt inntekt på om lag kr 70 000.

Kvalitetsindikatorar	Status 2013	Status 2014	Mål 2015	Mål 2018
Tal på framføringar i kulturskulen*	25	28	25	25
Tal på deltakarar i kulturskulen	Vår 264 Haust 255	Vår 255 Haust 288	320	350
Tal på undervisningstimar (klokke timar) i kulturskulen	3 078	2 781	3 000	3 500
Påmeldingar i ungdommens kulturmønstring	15	20	25	30
Utdeling av kulturpris	Ja	Ja		1 kvart år
Brukarbetaling (kr)	4 200	4 300	4 300	
Venteliste for å delta i musikkskulen	0	3	0	0
Kulturpris				1 kvart år

Elevmasse	2012		2013		2014	
	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust
Totalt (elevar / plassar)	308 / 312	239 / 265	238/264	238/266	238/266	248/283
Brukarbetaling		3 990		4 200		4300

Årsverk	R 2013	B 2014	R 2014	B 2015
Osterøy kulturskule	5	5	4,9	5

Miljø og teknikk



Drift yter tenester til kommunen sine innbyggarar innan vassforsyning og avløpsanlegg, kommunale vegar, tømming av septiktankar og til andre kommunale etatar som skule og barnehage, pleie og omsorgsteneste ved nybygging, drift og vedlikehald av kommunale bygg.

Brann og redning
Tenester innan førebyggande og utøvande brann og redning.
Det er inngått samarbeidsavtale med Bergen brannvesen gjeldande frå 01.05.2014. Bergen brannvesen har ansvaret beredskapen og førebyggande brannvernarbeid i Osterøy kommune og brannsjefen i Bergen er også brannsjef i Osterøy. Kommunen har personal og budsjettansvar for tenesta. Samarbeidet gjeld i denne omgang ikkje feietenesta.

Utvikling i sektoren si økonomiske ramme	2014	2015
Opprinneleg budsjett 2014	18 416	
Justert budsjett 2014	18 230	
Rammeløyving 2015 – framlegg frå rådmannen		**19 200**
Rammeløyving 2015 – innstilling frå formannskapet		**19 200**
Rammeløyving 2015 – vedtak i heradsstyret		**21 600*)**

*) Kr 2,4 millionar av rammeløyvinga er øyremerka asfalt og vedlikehald av kommunale vegar.

Gjennomgåande styringsindikatorar for sektoren

	Status 2014	Mål 2015	Mål 2018
Budsjettbalanse	Balanse eller mindreforbruk	< 0 % meirforbruk	< 0 % meirforbruk
Medarbeidarsamtale	10 %	100 %	100 %

(-) fortegn tyder mindreforbruk, altså at ein har brukt mindre enn tildelt budsjett.

Tiltak for å halda ramme:

- Reduksjon på personalressursane i form av vakanse eller arbeid på investeringsprosjekt. Dette gjeld både til administrasjon, for utedrift og vaktmeistertenesta. Medfører reduserte tenester til vedlikehald og redusert kapasitet til administrasjon og sakshandsaming.
- Auke husleige ved inngåing av nye avtaler.
- Generelt redusert vedlikehald.

Prosjekt og aktivitetar i perioden:

- Planlegge brannstasjon og samlokalisering teknisk utedrift.
- Arbeide vidare med vedlikehaldsplan for kommunale bygg, kommunale vegar.
- Innløysing festekontraktar/kjøp av grunn.
- Planlegging og bygging av nyanlegg innan vatn og avlaup.
- Opprusting av kommunale vegar og bustader.
- Arbeid med utviding av Lonevåg barneskule.
- Lonevåg barnehage, utvide kapasitet.
- Planlegging og oppstart av ny Valestrand/hauge skule.
- Utviding av Hamre og Gjerstad gravplass.
- Planlegging og oppstart av bufellesskap.
- ENØK – veglys, symjebasseng, kommunale bygg.

Brann og redning

Bakgrunn og omfang for dei ulike tenestene

- Brann og ulukkesvern

5 brannstasjonar, 8 kjøretøy, 5 hjertestartarar
Bemanning: 0,2 årsv formann brannberedskap, 1 branninspektør førebyggande, 35 deltidmannskap 1% stillingar.

Brannvern.
Frå 01.05.2014 har Bergen brannvesen overtatt ansvaret for beredskapen og førebyggande arbeid i kommunen. Brannsjefen i Bergen er dermed også brannsjef i Osterøy kommune. Samarbeidet er regulert i eigen avtale og kommunen betaler ein fast årleg sum for desse tenestene. Osterøy har sjølv personal og budsjettansvaret for brannvernet. I 2014 har mange av den eldre garde av brannmannskap slutta. Dette medfører behov for nyrekrutering som medfører ekstrakostnader til opplæring. For å kunna ha ein tilfredstillande beredskap vert det lagt opp til helgevakter. Det er store utfordringar med å halda tilfredstillande standard på materiell og utstyr og det er ikkje rom for utskifting eller store reperasjoner. Ein vil arbeide med samlokalisering brannstasjon og teknisk utedrift.

I 2015 vert det innført nytt system på sambandssystem, Tetra. Dette vil auka kostnaden. Samla er det ein vesentleg auke i kostnader innen Brann og redning.

Kvalitetsindikatorar	Status 2013	Mål 2015	Mål 2018
Talet på pipebrannar	3	4	Maks 5
Talet på tilsyn i bustader	378	700	700
Unødige/falske utrykkingar	18	15	Maks 11

Fokusområde/tiltak frå temaplanar / kommunedelplanar	2015
Samlokalisering brannstasjon og teknisk utedrift	X
Innføring av nytt naudnett	X

Drift

Kommunale bygg:

Planlegging, oppføring, vedlikehald og drift av kommunale bygg:

6 barnehagar, 5 skular, 3 stengde skulebygg, 13 utleigebustader, 4 adm. bygg.
Totalt ca. 36 bygg fordelt på ca. 30 000 m2.
Leige av 25 omsorgsbustader Hosanger og Haugatun.
Bemanning: 3,6 vaktmeistrar.

Osterøytunet med omsorgsbustader
ca. 7 100 m2. 1 driftsleiar som også organiserer vaktmeistertenesta,

Kommunale vegar:

Drift og vedlikehald av ca. 97 km vegar, fordelt på ca. 115 strekningar. Brøyting av ca. 110 km veg. Straum og vedlikehald av veglys.
Bemanning 2,0 årsverk.

Prosjektarbeid:

1,5 stilling til prosjektleiing innan bygg og anlegg.

Kommunale bygg.

Det er samla sett budsjettert med same straumkostnad som i 2014. Halvparten av energibehovet for 2015 er allereie kjøpt og ein vil arbeide med Enøktiltak..
For symjebassenget er det lagt opp til opningstid tilpassa vinterhalvåret (oktober til mars).
Det er eit stort behov for spesielt utvendig vedlikehald av kommunale bygg. Manglande vedlikehold auker risikoen for skader og akutte reperasjoner.

Det er lagt inn ein generell husleige auke på 10 % ved inngåing av nye avtaler.

Kommunale vegar.
Vedlikehald av kommunale vegar er ikkje i samsvar med behovet. Dette gjeld spesielt oppgradering av veggrunn og asfaltering. Utfordringane aukar etter kvart som kommunen overtek vegar i nye bustadfelt og fylkeskommunen overfører fylkesvegar til kommunen. Manglande vedlikehald aukar risikoen for akutte utbetringar. Ein del av dei verste vegane er kartlagt og kostnadane til utbetring er vurdert. Det er øyremerka kr 2,4 millionar av sektoren si rammeløyving til asfaltering og vedlikehald av kommunale vegar i 2015.

Ein vil halde fram arbeidet med kartlegging av resterande kommunale vegar. Behov for utbetring av kommunale bruer vart kartlagt i 2013 og etterslepet er stort. Det er svært vanskeleg å rekruttere mannskap til ledige brøyteroder. Godgjersle for brøyteberedskap er derfor vesentleg auka.

Miljø og trafikksikringstiltak
Lagt inn kr 0,2 mill. Det vil verte arbeidd med ny trafikksikringsplan.
Det er lagt inn midlar til samarbeidsprosjekt mot forsøpling i regi av Bir.

Førebygging vassdrag, flaum, ras mm.
Kostnader til kartlegging og vurdering av aktuelle saker er teke med. Prosjekt rassikring av privat bustad og næringsverksemder vert finansiert med tilskot frå NVE, grunneigar og mva kompensasjon på sentrale poster.

Kvalitetsindikatorar	Status 2013	Mål 2015	Mål 2018
Energibruk kommunale bygg, skular			160
Energiforbruk kommunale bygg, barnehagar			
Asfaltering kommunale vegar	0	0	2,5 km

Fokusområde/tiltak frå temaplanar / kommunedelplanar	2015
Vassforsyning – høgdebasseng Hosanger	Planlegging
Tysse vassverk	Ferdig
Vatn og avlaup Haus, Mjeldalen, Espevoll,	Planlegging og oppstart
Vassforsyning Hamre og Raknes	Planlegging

Miljø og teknikk - sjølvkost

Det er mange store utfordringar ein står overfor på sjølvkostområda, der Tysse vassverk, vatn og avløp Haus, Mjeldalen , Espevoll, Hamre og Raknes vassverk kan nemnast som dei største prosjekta. Framdrift og gjennomføring avheng av rekruttering av ny ingeniør/ prosjektleiar.

Ligg inne ledig ingeniørstilling for deler av året.

Det er 3 årsverk til drift av vatn og avlaupsanlegg.

Feiing
1,2 årsverk. Inngår også i dagleg operativ beredskap brann og redning.

Årsgebyr ingen endring

Vatn
Tilkoplingsgebyr auka frå kr.10.000 til kr.13.000,- eks mva. Har ikkje vore auka på mange år.
Årsgebyr ingen endring.

Avlaup.
Tilkoplingsgebyr auka frå kr.10.000 til kr.13.000,- eks mva. Har ikkje vore auka på mange år.
Årsgebyr ingen endring.

Slamtømming.
Årsgebyr – ingen endring.

Renovasjon
Generell reduksjon på 0,5 %, administrasjonsgebyr ingen endring.

Rådmannen med stabsseksjonar



Rammeområdet Rådmannen med stabsseksjonar omfatter Rådmannen, Service-, informasjon- og dokumentsenteret, Politisk-adm. sekretariat, Reinhaldstenesta, Økonomiavdelinga, IKT, Planavdelinga, Samfunnsmedisinsk eining (Koordinerande eining og Folkehelsekoordinator) samt Løn, personal og organisasjon.

Stabseiningane har ansvar for stabs-, støtte- og servicefunksjonar i kommunen, samt strategisk og overordna planarbeid.

Stillingane som controllar og leiar for teknisk forvaltning vert halde vakant. I staden nytter ein midlar til gjennomføring av kommunevalet hausten 2015, kjøp av konsulent i samband med planarbeidet og til kjøp av IKT-utstyr. Dette gjeld både utskifting av gamalt utstyr og til innkjøp av meir utstyr til alle einingane i organisasjonen. Ei viktig satsing her er fleire elev pc'ar i skulen.

Utvikling i sektoren si økonomiske ramme	2014	2015
Opprinneleg budsjett 2014	48 143	
Justert budsjett 2014	47 900	
Rammeløyving 2015 – framlegg frå rådmannen		**50 300**
Rammeløyving 2015 – innstilling frå formannskapet		**50 300**
Rammeløyving 2015 – vedtak i heradsstyret		**50 300**

Gjennomgåande styringsindikatorar for sektoren

	Status 2013	Mål 2015	Mål 2018
Budsjettbalanse	- 6,7 % (Mindreforbruk)	0 % meirforbruk	0 % meirforbruk
Medarbeidarsamtale		100 %	100 %
Sjukefråvær	10 %	< 8 %	< 8 %

Plan

Plan har 4 årsverk. Det vil bli tatt ut noko foreldrepermisjon på avdelinga i 2015, det vil ikkje verta nytta vikarar i den samanheng.

Seksjonen sine oppgåver er knytt til samordning og gjennomføring av kommunale planprosessar, arealdisponering, handsaming av private planar og arkitektfaglege vurderingar. Kommunal planstrategi for Osterøy vart vedteke 7. november 2012 og fastset kva for planar som skal prioriterast i denne valperioden.

I 2015 vil ein sluttføre arbeidet med områdeplan for Valestrand og kommunedelplan for strandsona. Ein vil halde fram arbeidet med Samfunnsplanen og starte opp ei mindre rullering og justering av kommuneplanen sin arealdel. Når ein legg områdeplanen for Valestrand ut for 2. gangs høyring vil ein starte arbeidet med områdeplan for Lonevåg.

I arbeidet med reguleringsplan for Vesetgjelet har ein hatt store forseinkingar (blant anna utskifting av personell hjå ekstern konsulent). Ein venter no at denne skal komme til politisk handsaming tidlig i 2015.

Vidare tilseier planstrategien at ein skal starte arbeid med områderegulering for Haus og Åsheim. Ein vil vurdere oppstart og framdriftsplan for denne planen når arbeidet med områdeplan for Lonevåg er starta.

For fleire planar der plan har ein koordinerande og rettleiiande oppgåe vil arbeid frå 2014 fortsette inn i 2015. Dette gjeld: trafikksikringsplan, idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, skogsbilvegar, avlaup, strategiplan for SMIL, plan for kulturskule og seniorpolitisk plan.

I tråd med planstrategien vil ein starte arbeidet med kulturminneplanen i løpet av 2015. Ein Kulturminneplan vil systematisere kunnskap, gi oversikt og betre forvaltning av ein viktig ressurs for framtida. Ein vil vurdere om dette skal være ein del av samfunnsplanen eller ikkje. Ein kulturminneplan vil gje arbeidet med andre reguleringsplanar smidigare i forhold til andre sektormyndigheiter.

Frå statleg hald gis det økonomiske verkemidlar for å få kartlagt og verdsatt dei enkelte kommunane sine viktigaste friluftsområder. Målet er at kommunane skal verta ferdig med dette i løpet av 2018. Frå 2018 vil det ikkje verta nytta statlege midlar til kjøp av statleg sikra friluftsområde utan at dei har vært kartlagt og verdsatt. Ein vil inkorporere dette arbeidet i Strandsoneplanen for dei områda som er aktuelle i Strandsoneplanen.

Næringsplan står og på lista over planar som skal ha oppstart i 2014. Ein rår til at arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel bør vera ferdig før dette arbeidet startar. Kommuneplanen sin samfunnsdel vil avdekke behov for ulike samfunnsplanar jf planstrategi.

For 2015 er det sett av 600 000 til kjøp av konsulenttenester i forbindelse med plan. Dette er naudsynt for å sikre innkjøp av kompetanse på veg til Valestrandsplanen (Krav frå statens vegvesen) og Lonevågplanen. Betaling for reguleringsplan for Vesetgjelet, noko bistand i forbindelse med Samfunnsplanen, samt kjøp av tenester i forhold til plan for Haus/Åsheim.

Tiltak/fokusområde frå kommunedelplanar/temaplanar	Mål 2015
Områderegulering Valestrand	Ferdigstille
Reguleringsplan Vesetgjelet	Ferdigstille
Kommuneplanen sin samfunnsdel	Gjennomføre
Områderegulering Lonevåg	Oppstart
Kommuneplanen sin arealdel	Oppstart av justering
Kommunedelplan oppvekst	Sjå kapittel om Oppvekst, undervisning og kultur
Områderegulering Haus	*)
Områderegulering Åsheim	*)
Trafikksikringsplan	Ferdigstille
Kommunedelplan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	Ferdigstille
Kyst- og strandsoneplan	Ferdigstille
Handsaming og rettleiing av diverse private planar.	
Digitalisering av planar jf. FDV-avtale og geovekstsamarbeid	Gjennomføre
Kartlegging kulturminne/kulturminneplan	Oppstart
Utvida kartlegging / Barnetråkkregistrering – initiativ opp mot barneskulane	Gjennomføre
Verdsetting av friluftsområde	Oppstart, ferdigstilling i forhold til strandsone
Standarisering og rutineskildringar for sakshandsaming privat planarbeid	Utarbeiding av retningslinjer
Standardisering og rutineskildringar temaplanar og anna planarbeid i kommunen	

*) Starte arbeid med områderegulering for Haus og Åsheim. Ein må her vurdere framdriftsplan ved oppstart av områdeplan for Lonevåg.

Kvalitetsindikatorar	Status 2013	Mål 2015	Mål 2018
Planar starta i tråd med planstrategi	14 %	50 %	100 %
Planar i kommunalt planregister (Braplan)	95 %	97 %	100 %

Planstrategien seier når dei ulike planane i heile kommunen skal starte. Dette er både arealplanar og temaplanar på ulikt nivå. Nokre av planane skal sektorane sjølv utarbeide.

Tala i kvalitetsindikatoren syner politisk oppstart av planarbeidet.

Teknisk forvaltning

Avdelinga yter tenester til kommunen sine innbyggarar innan kart og oppmåling, frådeling og byggesakshandsaming samt støtte og rettleiing innan landbruk og miljø.

Bemanning: 7,4 årsverk. I tillegg kjem veterinær med 2 mindre stillingsheimlar samt støttefunksjonar på dokumentsenteret. Ein har vakanse i leiarstilling for forvaltninga og for ein stilling som oppmålar.

Tiltak for å halda ramme:

- Reduksjon på personalressursane i form av vakanse. Dette medfører reduserte tenester og redusert kapasitet til samordning, sakshandsaming og fagleg leiing.

Prosjekt og aktivitetar i perioden:

- Arbeid med adresseprosjekt.
- Ferdigstille plan for skogsbilvegar og SMIL-midlar (**s**pesielle **mil**jøtiltak i jordbruket)
- Vurdering av hogst av kommunal skog
- Kartlegging av kommunal eigedom

<u>Kart og oppmåling</u>
Gebyret vert auka med 5 %.

Pr 01.01 2013 var etterslepet på oppmålingssaker om lag 20 månader. Etterslepet har minka, og vil pr 01.01 2015 vere på omlag 8 måneder. Dei vanskeligste gamle sakene gjenstår.

Målsetjnga er å ta igjen etterslepet i løpet av 2015. Dei gamle sakene, med små eller ingen gebyrinntekter, må fullføres samtidig som nye saker kommer inn.

Det ligg inne bruk av konsulent til oppmåling for å halda tidsfristar og måle i områder utan mobildekning der vi ikkje har utstyr til å måle sjølv.

<u>Byggesak</u>
Halde fram samarbeidet i Nordhordland i samarbeid med regionrådet og Nordhordland digitalt, m.a. Nordhordland og Gulen interkommunale tilsyn (NGIT), Byggesaksnettverk og utarbeide bruk av felles løysingar.

Kvalitetsindikatorar	Resultat 2013	Status 2014	Mål 2015	Mål 2018
Ta i bruk nytt system for elektroniske byggesøknader ”Byggsøk	0	0	30 %	60 %
Del byggesaker med overskredet frist	16	20	0	0

Landbruk og miljø

I tillegg til dei ordinære oppgåvene vil avdeling arbeide med adresseprosjekt og ferdigstille plan for skogsbilvegar og SMIL-midlar. Auka kostnad i forbindelse med samarbeid om tilsyn med ureining etter forureiningslova er tatt med.

Fokusområde/tiltak frå temaplanar / kommunedelplanar	2015
Plan for skogsbilvegar	Ferdigstillast
Forenkla sakshandsaming	Implementere byggsøk
Strategiplan for SMIL	Ferdigstillast
Hogst av kommunal skog	Vurdere
Gjennomgang av forvaltninga av kommunen sine eigedomar	Kartlegge

Service, informasjon og dokument

Avdelinga har 9,1 % stillingar/årsverk i Service, informasjon og dokumentsenter.

Servicekontoret er ei samdrift mellom kommunen og staten basert på samarbeids- og driftsavtalar. Servicekontoret tilbyr informasjon og publikumsretta tenester for alle einingar i kommunen. Dei har og sakshandsaming av skjenkeløyve, kommunale bustader, bustønad, transportordning, infoland, kontroll av innkomne byggesaker samt produksjon av kart og nabolister etc.
Det var planlagt ny telefonsentral i 2014, fristen er no utsatt til 2015.

Dokumentavdelinga er postmottak for rådhuset + alle ytre einingar som skule, barnehage og pleie og omsorg. Det vil seie at all post kjem til avdelinga og posten blir opna, sortert og skanna for deretter å bli ført inn i sakshandsamingssystem og ymse fagsystem. Avdelinga er delt opp i team og 2 personar arbeider med post for pleie og omsorg, barnevern, sosial og PPT. Teamet til sakspost varierer frå 2 til 5 personar. I tillegg tar avdelinga seg av e-post til kommunen samt elektronisk søknadssenter.
Søknadssenteret inneheld mellom anna alle søknader på stilling i kommunen og søknad om barnehageplass. I løpet 2015 vil ein auka talet på elektroniske søknadsskjema og har målsetnad om å ha over 30 elektroniske skjema ved utgangen av året.

Sakspost i papirversjon vert oppbevart i ca 3 mnd frå 2015, (tidlegare 6 mnd), så blir dokumenta makulert.

Service, informasjon og dokument har m.a ansvar for kommunen si heimeside og intranett.

Tiltak/fokusområde frå kommunedelplanar/temaplanar	2015
Arkiv	Person register skal være ferdig pakka og sendt til Interkommunalt arkiv i Hordaland i løpet av 2015
Heimesida **Intranett**	Oppretta faggruppe som skal samarbeida og utvikla kompetanse på tvers av Nordhordlandskommunane Ta i bruk nye modular (KF modular)
Posthenting	Vi har no ein billigare løysning på posthenting, men må framleis sjå på løysing med lising bil som vert delt
Restanse	Ingen restanser
Val	Kommuneval 2015
Arkivplan for Osterøy kommune	I løpet av 2015
Opplæring sakarkiv system	Nybegynnerkurs og oppfriskningskurs 2 gonger pr år

Arkiv:
Grunna ikkje godkjende arkivlokale må vi arkivera og pakka arkivmateriale som skal til deponerst på Osterøy museum der vi leige hyllemeter for saksarkivet til kommunen. I og med at ein ikkje har arkivgodkjente lokale på Rådhuset, prøver ein å ha så små arkiv som mogleg på Rådhuset. Dette er eit tidkrevjande arbeid og noko som må gjerast kvart år
Pakking og registrering av personregister skal leverast i Interkommunalt arkiv i Hordaland i 2015.

Arkiv/sak-system:
Nytt arkiv/sak-system vart innført i januar 2014.

Arkiv og skanning på helsestasjonen:
Innhenting av arkiv frå helsestasjonen er gjennomført, men ikkje pakka og registrert
Skanning og opplæring arbeidet på helsestasjonen ser ein for seg og starte på i 2017.

Heimesida:
Arbeidet med heimesida og samarbeidet med dei andre kommunane vil halde fram i 2015. Fagruppa er etablert og vil møtast ved behov, der vil ein sjå på nye modular og heve kompetanse i gruppa. Så langt som råd er vil ein ta i bruk intern kompetanse for å ungå dei store utgiftene til opplæring

Posthenting:
Ein vil søkje å finne ei løysing der ein hentar posten sjølv ved Lonevåg distribusjonskontor.

Prosjektansvar for:
- Innføring elektronisk KF kvalitetssystem
- Adresseprosjektet fortsetter i 2015

- Sak\arkiv-system framleis mulig opplæring i andre kommunar
- Portal og intranett, Osterøy har kompetansen saman med 3 andre Nordhordlanskommunar
- Ny telefonsentral

Kvalitetsindikatorar	Status 2014	Mål 2015	Mål 2018
Gjennomføre årlege oppfriskingskurs i ACOS websak Gjennomgang av kurs i Acos websak for nytilsette	10* 9	4 Etter behov	4
Stjerner i Norge.no sin måling av offentlege heimesider	**	5	5
Skrivbare PDF-skjema på heimesida	30	30	0
Elektroniske skjema på heimesida	10	20	Alle
Helsestasjon – arkiv/scanning			Oppstart
Restanse	*	0	0
Levering av arkiv – museet			Ferdig

*Alle saker skal avsluttas ved overgang til ny versjon av sak og arkivsystem
* Nytt arkivsystem har ført til mange oppfriskningskurs i 2014
** Ikkje gjennomført kåring.

Politisk-admin. sekretariat

Politisk-adm. sekretariat omfattar drift og tilrettelegging for politiske råd og utval, kontrollutval/revisjon, ordførar og rådmann. Sekretariatet har ansvar for sekretærfunksjonar, sakshandsaming for politiske organ, beredskapsarbeid, politisk og annan informasjon på heimesida, gjennomføring av val, støtte/rådgjeving for ordføraren, rådmann, sakshandsamarar m.m.

Viktigaste utfordringar framover
Hovudfokus i 2015 er førebuing og gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingvalet 2015. Ved kommuneval fell det meir arbeid på kommunane og det krev meir personal- og økonomiske ressursar å gjennomføra dette. Nytt valsystem og opplæring i dette vil ta mykje tid, i tillegg til til rettelegging og gjennomføring av førehandsrøysting og valting.

Etableringa av fleire politiske utval i 2012 har gitt meirarbeid for sekretariatet, og det er ei større utfordring å halda fristar for førebuing til møte og utsending av dokument. Likevel har innføring av nettbrett for politikarane og innføring av nytt system for produksjon av møtedokument medverka til at ein kan handtera fleire utval utan tilføring av meir ressursar. Når ein etter kvart kan ta i bruk politikarmodulen i saksbehandlingssystemet, vil dette vera ytterlegare ressurssparande for sekretariatet og samtidig gje betre service til politikarane. Ein reknar med at dette vert kjørt som eit felles prosjekt i Nordhordlandskommunane, og tids-punkt er avhengig av prioritering der.

Seksjonen har 2,2 årsverk inkludert 0,53-stilling i kantina.

For 2015 er avdelinga tilført 0,5 mill ekstra i forbindelse med valgjennomføringa.

Mål 2015

- tilrettelegging og gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingvalet 2015
- oppfølgjingsarbeid etter valet, herunder val av nye utval og nemnder
- opplæring for politikarar/utval
- halda fristar for utsending av møteinnkalling/dokument
- vidareutvikla sakspapiret for betre kvalitet i saksframstilling/vedtaksgrunnlag
- opplæring/rettleiing for sakshandsamarar

Kvalitetsindikator	Innsamling/ kjelde	Resultat 2013	Resultat 2012	Mål 2015	Mål 2018
Møteinnkallingar til formannskap, utval og heradsstyre utsendt i tide (min. 1 veke før møtet)	Møteprotokollar	F: 23% PT: 81,8% KO: 28.5% HS: 100%	F: 36% PT: 90% KOIK: 50% HS: 100%	F: 75% PT: 95% KOIK: 95% HS: 100%	90 %
Saker til formannskap/ heradsstyre utsende i tide	Møteprotokollar	93,1% 98,3%	F: 97,1% H: 95,5%	95% 97%	98 % 100%
Opplæring for saksbehandlarar i websak	Bruk av intern kompetanse	Alle nye sakshandsamarar	Alle nye sakshandsamarar		

Tiltak/fokusområde frå kommunedelplanar/temaplanar	2015
Oppfølging av saker/tidsfristar på alle nivå	Gjennomførast
Kvalitet i sakshandsaming/dokument/rutinar Opplæring i sakshandsaming i websak	Gjennomførast Gjennomførast
Sakshandsaming/sekretariatsfunksjonar	Gjennomførast
Kommunestyre- og fylkestingval 2015	Gjennomførast
Ta i bruk ny politiakrmodul når den er klar	Felles prosjekt med Nordhordland
Fleire digitale kanalar for dialog mellom innbyggjarar/kommune/folkevalde. Direkte overføring av heradsstyremøte på internett	Fellesprosjekt med Nordhordland
Vidareutvikla sakspapiret for betre kvalitet i saksframstilling/vedtaksgrunnlag	Gjennomførast

Løn, personal og organisasjon

Løn, personal og organisasjon ivaretek overordna personalfunksjonar, løn, fråvær samt verne- og velferdstenester. Til avdelinga ligg og mykje praktisk arbeid i forbindelse med val samt koordinering av IKT i Osterøy kommune opp mot IKT-NH. Frikjøp av tillitsvalde inngår i løyvinga til personal. Ut over det har seksjonen 4 heile stillingar.

Hovudoppgåvene til avdelinga er lønnsutbetalingar (for eigne tilsette og tilsette i kyrkja), rådgjeving innan personalområdet, lov- og avtaleverk, arbeid i samband med inkluderande arbeidsliv (IA) og bedriftshelsetenesta, HMT-arbeid, rapporteringar til andre offentlege etatar (t.d. pensjon, AA-register, forskotstrekk, arbeidsgjevaravgift, fråvær) avstemming mot rekneskap, refusjonar, rekrutteringsarbeid, utarbeiding og evaluering av kommunen sine felles rutinar og personalreglement. Avdelinga har og systemansvar for heile Visma Enterprise, Visma Travel, Notus, systemansvar og administrasjon av telefonsystemet TDC Invoice Online og IKT-kontakt m/bestillarfunksjon,

Avdelinga har sekretariatsfunksjon for: Arbeidsmiljøutvalet, forhandlingsutvalet, tilsetjingsutvalet og AKAN.

Mål 2015:

- Ta i bruk nye kjøpte modular i Visma HRM og gjennomføre ytterlegare opplæring i systema til alle leiarar som skal nytte verktøyet. Dette vil effektivisere administrativ personalsakshandsaming og lønsutbetaling.
- Styrke sjukefråværsoppfølginga i einingane for å redusere samla sjukefråvær
- Ta i bruk nytt HMT-system (KF-Kvalitet). Dette vil blant anna automatisere saksgang rundt vernerundar og avvik.

Kvalitetsindikatorar	Resultat 2012	Resultat 2013	Mål 2015	Mål 2018
Del av løn utbetalt til rett tid.	100 %*	100%*	100	100 %
Del løn som er rett utbetalt.	≈ 100%*	≈ 98%*	100	100 %
Del med lønsslippar som er elektroniske	89%	90%	92%	95 %
Elektronisk rekruttering			95%	100 %

Økonomi

Økonomikontoret sine hovudoppgåver er overordna budsjett/økonomistyring, handtering av inngåande faktura, rekneskap og fakturering. Eininga fører i tillegg rekneskap for Kyrkjeleg Fellesråd og Osterøy Utbygging AS, og utfører økonomitenester til Modalen kommune. Økonomikontoret har 5,7 årsverk, fordelt på 7 tilsette, men har i lengre tid reelt hatt lågare bemanning grunna vakansar og sjukefråvær.

Mål 2014:

- Utvikle rapporteringsrutinar for økonomirapporteringa i organisasjonen vidare
- Ta ut kvalitets- og effektivitetsfordelar i oppgradert økonomisystem.
    - Konkret: Ta i bruk Visma eHandel (elektronisk innkjøpssystem) i heile organisasjonen

Kvalitetsindikatorar	Resultat 2013	Resultat 2014	Mål 2015	Mål 2018
Økonomirapportar til politisk nivå	4	3 1)	8	12
Innfordring – Reduksjon av beløp på forfalte, ubetalte krav pr 31.12		Pågår 2)	- 20 %	- 20 %
Avtalar med avtalegiro og e-faktura		15% auke	15% auke	80 %
Årsrekneskap ferdig til revisjon	April	April	Mars	Februar

1) I tillegg saker knytt til revisjon/justering av budsjettet for 2014.

2) Auka ressursinnsats innført 2014 i samband med gjennomførte nytilsetjingar. Auka fokus og innsats på løpande oppfølging, purring og inkasso. Ubetalte, forfalte krav skal reduserast.

Reinhaldstenesta

Reinhaldstenesta ivaretek reinhald av ca. 19 000 m2 bygg, fordelt på om lag 17,6 årsverk, 1 reinhaldsleiar.

Mål 2015:

- Arbeide med justeringar av stillingar etter kvart som areal fell frå og nye kjem til.
- Oppmuntre fleire reinhaldarar til å ta fagbrev

Kvalitetsindikatorar	Resultat 2012	Status 2013	Status 2014	Mål 2015	Mål 2018
Utføre vurdert vedlikehald av alle golv for å unngå behov for utskifting	15 %	20 %	25 %	40 %	100 %
Medarbeidarsamtalar	20 av 23		24 av26	26 av 26	
Auka talet på fagarbeidarar	0 %	4,50 %	4,50 %	15 %	35 %

*%-sats visar til del av alle golv.

Samfunnsmedisinsk eining

SAMFUNNSMEDISIN
Dette er delvis beskrive under Helse, omsorg og sosial sitt kapittel (Kommuneoverlege, samhandlingsreforma). Under Samfunnsmedisinsk eining ligg Koordinerande eining og folkehelsekoordinator.

For 2015 er det lagt inn ein auke i stilling som Folkehelsekoordinator frå 0,5 til 08 for å stette arbeidet med å ta imot flyktningar.

FOLKEHELSEKOORDINATOR
Folkehelsekoordinator skal ha oversikt over folkehelsa i kommunen på bakgrunn av nasjonal statistikk og lokalkunnskap. Kvart 4 år, før planstrategien blir lagt, skal det utarbeidast eit

folkehelseoversyn. Denne skal liggja til grunn for ulike typar planar som utarbeidast i kommunen.

Det er ikkje utarbeidd eigen plan for folkehelsearbeidet, pr d.d. vert det blant anna arbeid med:

- Oppstart av Osterøy turlag og kommunens ressurs opp mot interimstyret fram til mars 2015.
- Prosjektleiar trafiksikringsplan – ferdigsstilles 2015
- Prosjektleiar temaplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet – ferdigsstilles 2015
- Bidra i planarbeidet i kommunen slik at ein kan setje inn tiltak som kan være med å fremje folkehelsa. Få folkehelseperspektivet inn i alle aktuelle planar.
- Årleg møte med dei frivillige organisasjonane.
- Tilskotsportalen – folkehelsekoordinator er systemansvarlig
- Koordinera enkelt tiltak; Open gymsal, prosjektet; SFO folkehelse og nærmiljøkvalitetar
- Delta i partnarskapen med Hordaland fylkeskommune m.fl.
- Ny folkehelseoversyn-rapport 2015
- Prosjektmedarbeidar i integrering av flyktningar
- Følgje opp frivillige i forhold til prosjektet merking og gradering av turløyper

I planperioden vil ein arbeida med å få folkehelseperspektivet naturleg inn i alle sektorar. Arbeide for at sektorane ser det langsiktige folkehelseperspektivet når dei legg planar og set i verk tiltak. Auke tverrfagleg samarbeid på tvers av sektorar for å nytte kompetanse til å møte folkehelseutfordringane i kommunen.

KOORDINERANDE EINING

Koordinerande eining skal koordinere tenestetilbodet innafor felta habilitering/rehabilitering, og skal fungera på tvers av ulike sektorar, avdelingar og tenester. Tenesta kan gjere vedtak om individuell plan og tildela brukarkoordinator.

Koordinerande eining leiast av Rådmannen ved Folkehelsekoordinator.

Koordinerande eining vil i planperioden ha fokus på:

- Implementere elektronisk løysing for individuell plan(felles med Nordhordland).
- Rullering av Temaplan, Habilitering og Rehabilitering i 2015.
- Halde fram med systematisk opplæring av brukarkoordinatorar i bruk av individuell plan som verktøy for koordinerte tenester og samhandling på tvers.
- Utnemne koordinatorar og fatte enkeltvedtak.
- Halde fram med systematisk arbeid, opplæring og rettleiing i brukarsaker.
- Utarbeide oversikt over rehabilitering og habilitering av tilbod som finnes lokalt og regionalt.
- Trygge brukarmedverknad på individ og systemnivå.
- Sikre at nettinformasjonen på kommunens heimeside og intranettside er oppdatert og lett tilgjengeleg.

- Utarbeida ny versjon av brukarhandbok for brukarkoordinatorar som følgje av nytt elektronisk system for individuell plan.
- Systemadministrator for individuell opplæringsplan
- Bidra inn i implementeringen av individuell opplæringsplan

Tiltak/fokusområde frå kommunedelplanar/temaplanar	
Tiltak	**2015**
Rullering av temaplan habilitering og rehabilitering	X
Rullering av trafikksikringsplan, pågår	X
Rulleringa temaplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, pågår	X

Sentrale postar

Under nemninga sentrale postar **i budsjettskjema 1B**, vert det ført ymse utgifter og inntekter som ikkje høyrer til noko konkret sektor/budsjetteining, og ikkje skal førast i skjema 1A, i tråd med budsjettforskrifta.

(tal i 1000 kr)	**2013**	**2014**	**2015**
Pensjon/premieavvik	-4 400	-2 200	-5 000
Mva-kompensasjon frå investeringsutgift	-3 200	0	0
Mva-kompensasjon frå driftsutgift	-9 214	-10 800	-11 400
Løyving kyrkjeleg fellesråd	4 582	4 690	4 790
Diverse	731	629	-50
Sum sentrale postar (netto inntekt)	**-11 521**	**-7 681**	**-11 660**

Forklaring/kommentar:

Kyrkjeleg fellesråd:

Samla løyving til Kyrkjeleg fellesråd er todelt. Ein rein tilskotsdel, samt ein del som gjeld kjøp av tenester frå kommunen. Det vert vist til budsjettbrev frå Kyrkjeleg fellesråd. I budsjettframlegget er det lagt til grunn ei samla løyving på kr 4,69 millionar, dvs same løyving som 2014. Løyvinga for 2015 er vedteke med kr 4,79 millionar. Løyvinga må òg sjåast i samanheng med investeringsløyving på kr 2,5 millionar til tyngre vedlikehald av kyrkjene.

Pensjonskostnad - Premieavvik

Premieavvik er ein post som vert ført for å utlikna forskjellen mellom betalt premie og utrekna pensjonskostnad. I løpet av rekneskapsåret vert betalt premie utgiftsført. Når året er slutt reknar pensjonsselskapa ut pensjonskostnaden for året, basert på aktuarmessige prinsipp og felles føresetnader gjeve av staten. Dersom utrekna pensjonskostnad er lågare enn betalt premie, skal ein inntektsføra forskjellen, slik at det er pensjonskostnaden som reelt vert utgiftsført kommunen.

Positivt premieavvik som vert inntektsført eit år skal utgiftsførast (amortiserast) med likt beløp over dei neste 7 åra . Oppsamla premieavvik er omlag kr 26,5 millionar inkl. arbeidsgjevaravgift. Dette er altså tidlegare mellombels teke til inntekt og heile beløpet skal utgiftsførast igjen over dei komande åra.

I budsjettet er det lagt til grunn ei samla netto inntektsføring for premieavvik på sentrale postar på kr 5,0 millionar.

Samla pensjonsutgift 2015 kan såleis visast slik:

Premieutgift (einingane)	43,9 mill
Premieavvik (sentrale postar)	- 8,0mill
Amortiseringsutgift (sentrale postar)	3,0 mill
Samla pensjonskostnad	**38,9 millionar**

Samla pensjonsutgift i budsjett 2014 vart vist slik:

Premieutgift (einingane)	42,5 mill
Premieavvik (sentrale postar)	-5,6 mill
Amortiseringsutgift (sentrale postar)	2,8 mill
Samla pensjonskostnad	**40,1 millionar**

Meirverdiavgiftskompensasjon

Kommunane får mva-kompensasjon for mva-utgift både i driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen. Frå 2014 skal mva-kompensasjon frå investering i sin heilhet inntektsførast i investeringsbudsjettet/-rekneskapen.

Mva-kompensasjon i drift er budsjettert med kr 11,4 millionar.

Mva-kompensasjon i investering er budsjettert med kr 14 millionar

Diverse

Diverse, nettoinntekt kr 50 000, er nettobeløpet av sal av konsesjonskraft, tapsavsetjingar, og diverse mindre einskildposteringar.

Investeringar 2014

Kommunen er på "Robek-lista" til fylkesmannen. Det medfører m.a. at fylkesmannen skal godkjenna kommunen sine låneopptak. Dette set avgrensingar i høve til å lånefinansiera investeringsutgifter, men medfører ikkje noko forbod mot låneopptak. Fylkesmannen legg i utgangspunktet til grunn at investeringar som lånefinansierast ikkje bør gje auka utgifter i driftsrekneskapen som følgje, og vil vurdere evt. godkjenning av låneopptak nøye så lenge kommunen er på "Robek-lista" og framleis har meirforbruk som ikkje er dekka inn i drifta.

Investeringsbudsjettet er eitårig, og ikkje årsuavhengig. Investeringsutgifter i 2015 skal såleis ha løyving i investeringsbudsjettet for 2015.

Det har vore relativt store investeringsbudsjett dei seinare åra. Kapasiteten til gjennomføring har vore låg grunna manglande stillingsressurs, investeringsrekneskapa dei seinare åra har såleis vist langt lågare utgift enn budsjettert.

I budsjettet for 2015 er det lagt inn store investeringsbehov og –utgifter. Sjølvkostområda vatn og avlaup har store oppsamla behov, med eit samla investeringsbudsjett på nesten kr 50 millionar. Innan ordinære investeringar er det eit investeringsbudsjett på om lag kr 97 millionar. Meir enn halvparten av løyvinga er knytt til utbygginga av Lonevåg skule, som er i gong. Andre større postar i budsjettet er innløysing av festetomtar, kjøp av eigedomar, samt utbygging og oppgradering av barnehagebygg. Løyving til planlegging/oppstart av utbygging eller nybygg til skule i Valestrand-/Haugeområdet, er òg inne i investeringsbudsjettet.

Låneopptak:
I investeringsbudsjettet er det lagt til grunn eit behov for nytt låneopptak på kr 100,4 millionar. Sjølvkostlån kr 34,4 millionar og andre investeringslån kr 66,0 millionar. Osterøy kommune sine lån må godkjennast av fylkesmannen for å kunne gjennomførast.

Investeringslister:

	Bud 2015	2016	2017	2018
Investeringar - sjølvkostområdet				
Tysse vassverk	15 500			
Fotlandsvåg vassverk, anlegg i Hosanger	2 000	9 500		
Fotlandsvåg - Østre Kleppe, avløp	1 500			
Hamre og Raknes vassverk, sjøleidningar m.m.	1 000	7 000	8 700	
Haus vassverk og avlaup, til Espevoll	10 000	10 000	0	
Haus vassverk og avlaup, Øvre Verkane - inn Mjeldavågen	11 500			
Haus, slamavskiljar Skålevik og Lekneset i Haus	2 000			
Ymse vatn og avlaup	1 000	1 000	1 000	
Lastebil uteseksjonen teknisk 50% sjølvkost	850			
Borgo - Vevle, vatn og avlaup	3 000			
Hauge/Oddalsmyra, vatn og avlaup	1 000			
Sum	**49 350**	**28 500**	**9 700**	**0**

Investeringar - innsparing i drift	Bud 2015	2016	2017	2018
Bufellesskap	6 500	4 000		
ENØK - tiltak, generelt	500	500	500	500
ENØK - tiltak, Osterøy ungdomsskule, basseng	400			
ENØK- tiltak, veglys - utskifting armatur	2 000	1 000		
Innløysing festetomter	2 000	4 000		
Opprustning Osterøytunet	500			
Lonevåg skule, utbygging - tilbygg	52 250			
Valestrand/Hauge skule, utbygging - tilbygg - nybygg	2 500	35 000	30 000	
Sekskanten, base for heimetenesta i Fotl.våg	200			
Haldorvika, oppgradering leilighet	500			
Hetlevikhuset, oppgradering til bustadutleige	150			
Diverse tiltak med kostnadsreduksjon i drift	2 000	2 000	2 000	2 000
Sum innsparing i drift	**69 500**	**56 500**	**32 500**	**3 000**

Investeringar - miljøretta helsevern	Bud 2015	2016	2017	2018
Oppgradering Osterøy ungdomsskule	1 500			
Mjøsdalen barnehage, ventilasjon	200			
Sum milljøretta helsevern	**1 700**	**0**	**0**	**0**

Investeringar - oppretthalde drift	Bud 2015	2016	2017	2018
Ombygging rådhuset - NAV	250	250		
Parkeringsplass Haus skule	500			
Brannsikring kommunale bygg	250	250	250	250
Kyrkjegard på Hamre og Gjerstad	4 000			
Utviding Hosanger montessoriskule	6 000			
Fotlandsvåg barnehage, oppgradering/ENØK	400			
Valestrand barnehage, oppgradering	300			
Oppgradering leikeplassutstyr barnehagar	100	100	100	100
Sum oppretthalde drift	**11 800**	**600**	**350**	**350**

Investeringar - bilar/køyretøy	Bud 2015	2016	2017	2018
Lastebil uteseksjonen teknisk 50 % veg	850			
Bilar Helse og omsorg	600		600	2 000
Ladestasjonar	200	200	200	200
Sum bilar/køyretøy	**1 650**	**4 200**	**2 800**	**2 200**

Investeringar - samfunnsutvikling	Bud 2015	2016	2017	2018
Adresseprosjekt	600	1 200		
Lonevåg barnehage, utvida kapasitet	2 000			
Utviding Valestrand b.hage, evt andre b.hagar	500	6 000		
Kjøp av eigedom	4 000			
Kjøp av sosialbustadar (flyktningar)	8 000			
Idrett og friluftsliv	500	500	500	500
Lonevåg, park.plass inkl riving av hus	250			
Sum samfunnsutvikling	**15 850**	**7 700**	**500**	**500**

Investeringar - diverse	Bud 2015	2016	2017	2018
Flaumsikring	900			
Kringastemma	1 000			
Oppgradering kyrkjebygg	2 500	2 500	2 500	
Ombygging rådhuset				
Oppgradering kantine, rådhuset	150			
Opprusting komm.vegar. Njåstadvegen m.m	2 000	2 000		
Sum diverse	**6 550**	**4 500**	**2 500**	**0**

Sum utanom sjølvkost	**107 050**	**43 500**	**58 650**	**6 050**
Sum sjølvkost	**49 350**	**28 500**	**9 700**	**0**
Totalt	**156 400**	**72 000**	**68 350**	**6 050**

Finansieringsplan investeringar

Sjølvkostinvesteringar – finansierast med lån.

Andre investeringar finansierast med:
- Lån
- Mva-kompensasjon
- Sal av anleggsmidler

Formidlingslån finansierast med innlån frå Husbanken. Det er budsjettert med kr 5 millionar i utlån 2015. Dette kan finansierast med unytta låneopptak, samt ekstraordinære avdrag frå tidlegare låntakarar.

Skjema 2A –Investering:

	Rekn 2012	Rekn 2013	Budsj 2014	Budsj 2015
Investeringar i anleggsmiddel	13 046	15 294	70 800	156 400
Utlån og forskotteringar	6 701	5 953	7 000	5 000
Avdrag på lån	1 574	2094	1 000	2 000
Avsetningar	2 448	3816		
Finansieringsbehov	**23 769**	**27 157**	**78 800**	**163 400**
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidlar - sj.kost - unytta	12 140	18 982	23 000	14 950
Bruk av lånemidlar - sj.kost - nye lån			7 900	34 400
Bruk av lånemidlar - unytta			0	19 000
Bruk av lånemidlar - nye lån			34 900	66 050
Bruk av lånemidlar - startlån - unytta	6 701		0	5 000
Bruk av lånemidlar - startlån - nye lån			7 000	
Inntekt frå sal av anleggsmiddel	494	468	0	7 400
Tilskot til investeringar	238	225	0	
Motekne avdrag på utlån og refusjon	3265	5 177	1 000	2 000
Anna inntekt				
Mva-kompensasjon			5 000	14 600
Sum ekstern finansiering	**22 838**	**24 852**	**78 800**	**163 400**
Overført frå driftsbudsjettet	931	1 314		
Bruk av avsetningar		991		
Sum finansiering	**23 769**	**27 157**	**78 800**	**163 400**
Udekka/udisponert	**0**	**0**	**0**	**0**

Korte kommentarar til investeringsplanen

Sjølvkost – vass- og avlaupstenester. Total løyving kr 49, 35 millionar

Ang vassforsyning. Kommunedelplan for vassforsyning vart vedteke i Osterøy heradsstyre 18. juni 2013. Kommunedelplanen inkluderer handlingsplan som gjev rammer og prioritering for tiltak innan vassforsyning for perioden 2013 – 2024. Dette er lagt til grunn for investeringstiltak i økonomiplanen.

Ein har slite med å halde planlagt og vedteken framdrift på investeringsprosjekta, spesielt innan vatn og avlaup, der ein lenge hadde vakant stilling. Med tilsetjing i ingeniørstilling innan dette området, vert framdrifta vesentleg betra.

Tysse vassverk: 2014 – 2015

- Løyving 2015 kr 15,5 millionar.
- Overføringsleidning frå Fotlandsvåg vassverk til Tysse etter Alt 1A i vassforsyningsplan.
- Leidning langs sørsida av fylkesvegen til Kleppskaret, gjennom Kleppsvatnet til Raudberget. Vidare via borehol og basseng fram til eksisterande leidningsnett ved Stormyra på Tysse.
- Pumpestasjon i området, basseng ved Kleppskaret, samt nytt basseng mellom Raudberget og Tysse.

Fotlandsvåg/Hosanger vassverk: 2014 - 2016

- Løyving 2015 kr 2 millionar
- Hosanger: Leidningsnett 2014/2015, kostnadsrekna til kr 4,2 millionar
- Hosanger: Høgdebasseng Hoshovdåsen inkl trykkaukingsstasjon. 1 km leidningsanlegg til basseng og til framtidig hytteområde og bustadfelt i Hoshovdsområdet. Dette vil auka leveringstryggleiken i Hosanger og legge til rette for vidare forsyning til Raknes, Hamre og Lonevåg.

Fotlandsvåg – Østre Kleppe: 2014 - 2015

- Løyving 2015 kr 1,5 millionar
- Avløpsleidning i same grøft som vassleidning.

Hamre og Raknes vassverk: 2015 – 2017

- Løyving 2015 kr 1 million

Hamre vassverk:

- Samanbinding med Fotlandsvåg/Hosanger vassverk
- Sjøleidning Hjellvik – Hamre 2016/2017, kostnadsrekna til kr 6,6 millionar

Raknes vassforsyning:

- Samanbinding med Fotlandsvåg/Hosanger vassverk

- Overføringsleidning i sjø frå Hosanger 2016/2017, kostnadsrekna til kr 6,2 millionar
- Leidning til eksisterande pumpestasjon 2016/2017, kostnadsrekna til kr 3,9 millionar

Haus vassverk og avlaup
- Til Espevoll: Løyving 2015 kr 10 millionar.
- Øvre Verkane – Inn Mjeldavågen: Løyving 2015 kr 11,5 millionar

Haus vassverk
- Ein føreset samfinansiering i tråd med utbyggingsavtale på Espevoll, og føreset såleis inntekter til dekning av delar av kostnadene.
- Øvre Verkane – inn Mjeldavågen, høgtrykksleidning, kostnadsrekna til kr 3,5 millionar.
    1. Leidning går vidare mot Åsheim og Espevoll
- Espevoll over Veseth: inkl trykkauke og høgdebasseng 2014 – 2017, kostnadsrekna til kr 16,9 mill
- Åsheim, inkl trykkauke og høgdebasseng, kostnadsrekna til kr 5,6 mill

Haus avlaupsanlegg
- Pumpestasjon, reinseanlegg og utsleppsleidning Haus
    1. kostnadsrekna til kr 7 mill
- Prosjekt saman med vassforsyning (Mjeldavågen)
- Åsheim: avlaup til nytt bustadfelt i prosjekt saman med vassforsyning 2018

Skålevik og Lekneset, slamavskiljar
- Løyving 2015: kr 2 millionar
- Rensing av eksisterande utslepp ved Haus fergekai.

Vatn og avlaup, ymse tiltak
- Løyving 2015: kr 1 million
- Årleg løyving til uføresette tiltak av investeringsmessig karakter.

Lastebil uteseksjonen
- Løyving 2015: kr 850 000
- Utskifting lastebil. 50% sjølvkostfinansiering
- Resten av løyvinga står under gruppa Investeringar bilar/køyretøy
- Total pris kr 1,7 millionar.

Borgo – Vevle
- Løyving 2015: kr 3 millionar.
- Vatn og avlaup

Hauge – Oddalsmyra
- Løyving 2015 kr 1 million.
- Vatn og avlaup

Investeringar - Innsparing i drift. Total løyving kr 69, 5 millionar.

Bufellesskap i Lonevågsområdet:
- Løyving 2015: kr 6,5 millionar
- Gj.føring 2015-2016

ENØK – tiltak
- Generelt: Løyving 2015 kr 0,5 millionar.
- Osterøy ungdomsskule, basseng: Løyving 2015 kr 0,4 millionar.
- Veglys, utskiftning av armatur
- Ang ENØK-tiltak: Det er ei målsetjing å redusere energibruken med meir bruk av styringsanlegg, rørslesensorar m.m. inkl oppgradering av belysning i bygningar og langs vegar.

Innløysing festetomter
- Løyving 2015: kr 2 millionar
- Midlar til innløysing av tomter som kommunen har festeavtale på

Opprustning Osterøytunet
- Løyving 2015: kr 0,5 millionar.
- Utgreiingsarbeid i høve til å vurdere moglege ombyggingstiltak som kan effektivisere drifta

Lonevåg skule: 2014 - 2015
- Løyving 2015: kr 52,25 millionar
- Utbygging og tilbygg
- Tilretteleggje for fleire elevar jfr vedtak om endra skulestruktur
- Gjennomføring 2014-2015
- FS-sak 019/14: Samla ramme på kr 57 millionar eks mva

Valestrand/Hauge skule: 2015 - 2017
- Løyving 2015: kr 2,5 millionar
- Utbygging og tilbygg, eller nybygg
- Tilretteleggje for fleire elevar jfr vedtak om endra skulestruktur
- Gjennomføring 2016-2017
- Planlegging og oppstart 2015

Sekskanten, base for heimetenesta i Fotlandsvåg
- Løyving 2015: kr 0,2 millionar.
- Ombygging kontor/base heimetenesta til leilighet

Haldorvika, Valestrand
- Løyving 2015. kr 0,5 millionar
- Oppgradering utleigeleilighet

Diverse tiltak med kostnadsreduksjon i drift
- Løyving 2015: kr 2 millionar
- Samleløyving for gjennomføring av tiltak av investeringsmessig karakter som har ein klar innsparing i driftsutgift som effekt

Miljøretta helsevern. Total løyving kr 1,7 millionar.

Osterøy ungdomsskule
- Løyving 2015: kr 1,5 millionar.
- Nødvendige tiltak i høve til krav etter gjennomgang i høve til Miljøretta helsevern
- M.a. vindauga med solskjerming

Mjøsdalen barnehage, ventilasjon
- Løyving 2015: kr 0,2 millionar.

Investeringar - Oppretthalde drift. Total løyving kr 1,8 millionar.

Ombygging rådhuset - NAV
- Løyving 2015: kr 0,25 millionar
- Ivareta NAV sitt behov for kundemottak

Haus skule, parkeringsplass
- Løyving 2015: kr 0,5 millionar

Brannsikring kommunale bygg
- Løyving 2015: kr 0,25 millionar
- Årleg løyving til tiltak av investeringsmessig karakter

Kyrkjegardar på Gjerstad og Hamre
- Løyving 2015 kr 4 millionar

Det vert vist til eiga sak til heradsstyret, HS-sak 013/14 ang denne saka med finansiering og planlagt gjennomføring 2014. Prosjekta er forseinka og vil verte gjennomført 2015.

Utviding av Hosanger montessoriskule
- Løyving 2015 kr 6 millionar

Fotlansvåg barnehage, oppgradering/ENØK
- Løyving 2015: kr 0,4 millionar
- Bygningsmessige tiltak av investeringsmessig karakter

Valestrand barnehage, oppgradering
- Løyving 2015: kr 0,3 millionar
- Bygningsmessige tiltak av av investeringsmessig karakter

Barnehage, leikeplassutstyr
- Løyving 2015: kr 0,1 millionar.
- Stort behov for oppgradering i barnehagane i Osterøy
- Legg inn kr 100 000 årleg framover

Investeringar bilar – køyretøy. Total løyving kr 1,65 millionar

Generelt

- Endra prinsipp om å eige heller enn å leige/lease.
- Gjev auka investeringsutgift
- Gjev lågare utgift i drift
- Utskiftning av bilar vil såleis vere fast post i rulleringane av budsjett og økonomiplan i åra framover
- Bilar Helse og omsorg
    1. Løyving 2015: kr 0,6 millionar
    2. Rullering av bilparken

- Utskifting lastebil uteseksjonen
    - Løyving 2015: kr 0,85 millionar (50%)
    - Resten av løyvinga ligg under investeringsgruppa Sjølvkost.
    - Utskifting av gamal eksisterande lastebil, 2000-modell
    - 50% veg, 50% sjølvkost

Ladestasjonar

- Løyving 2015: kr 0,2 millionar
- Auka tal på el-bilar vil gje auka behov for ladestasjonar til kommunen sine bilar

Samfunnsutvikling. Total løyving kr 15,85 millionar

Adresseprosjekt

- Løyving 2015: kr 0,6 millionar
- Prosjektperiode 2014-2016
- Inkl. skilting

Lonevåg barnehage

- Løyving 2015: kr 2 millionar
- Behov for utvida kapasitet
- Ombygging, innreiing av eksisterande bygg, samt tilrettelegging ute

Valestrand barnehage

- Løyving 2015: kr 0,5 millionar
- Planlegging/oppstart

Kjøp av eigedom

- Løyving 2015: kr 4 millionar
- Behov for midlar til kjøp av eigedom til tenesteytinga, fellesareal, friområder mv.
- Midlar til innløysing av festetomter ligg på eiga løyving under gruppa Innsparing i drift.

Idrett og friluftsliv

- Løyving 2015: kr 0,5 millionar
- Kommunal andel i spelemiddelprosjekt
- Særskilte prosjekt

Investeringar – Diverse. Total løyving kr 6,55 millionar

Flaumsikring Valestrand og sikring av demning på Kringastemma

- Overføring frå tidl år
- Samarbeidsprosjekt med NVE (flaumsikring)
- Samfinansiering med NVE og eventuelt grunneigarar

Flaumsikring: Løyving 2015: kr 0,9 millionar
Kringastemma: Løyving 2015: kr 1 million.

Oppgradering kyrkjebygg

- Løyving 2015: kr 2,5 millionar

Rådhuskantina

- Løyving 2015: kr 150 000
- Oppgradering av kantine
- Stort behov for oppgradering

Opprustning/utviding kommunale vegar

- Løyving 2015: kr 2 millionar
- Veg til Njåstad

Obligatoriske oppstillingar - drift

Skjema 1A og 1B:

Skjema 1A:	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Just budsj 2014	Budsjett 2015
Skatt på inntekt og formue	149 666	157 028	165 900	161 000	166 100
Ordinært rammetilskudd	202 454	210 020	216 100	218 500	219 781
Delsum skatt/rammetilskot	**352 120**	**367 048**	**382 000**	**379 500**	**385 881**
Skatt på eiendom	16 297	14 198	19 226	19 226	14 400
Andre direkte eller indirekte skatter	620	620	620	620	620
Andre generelle statstilskudd	3 766	3 629	4 000	4 000	4 500
Sum frie disponible inntekter	**372 803**	**385 495**	**405 846**	**402 925**	**405 401**
Renteinntekter og utbytte	2 784	3 401	4 500	4 500	2 600
Finansinntekt	3 160	1 969			500
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	11 267	10 874	11 600	10 000	12 600
Tap finansielle instrumetn	0				
Avdrag på lån	8 575	9 016	10 500	10 500	12 200
Netto finansinnt./utg.	**-13 898**	**-14 520**	**-17 600**	**-16 000**	**-21 700**
Til å dekke meirforbruk frå tidl år	0	2 862	8 600	11 300	0
Til ubundne avsetninger	0	200			3 679,5
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk					
Bruk av ubundne avsetninger					
Netto avsetninger	**0**	**-3 062**	**-8 600**	**-11 300**	**-3 679,5**
Overført til investeringsbudsjettet	931	1 315	0	0	0
Til fordeling drift	**357 974**	**366 598**	**379 646**	**375 625**	**380 022**
Sum fordelt til drift (frå 1B)	361 093	366 598	379 647	375 625	380 021
Mer/mindreforbruk	**-3 119**	**0**	**0**		**0**

Ang budsjettskjema 1A:

Budsjettskjema 1A syner dei sentrale inntektspostane med dei storleikane ein legg til grunn å få i løpet av budsjettåret. I tillegg er det med sentralt førte finansinntekter og –utgifter, samt disponering av overskot/underskot frå tidlegare år, og evt avsetjingar eller bruk av avsetjingar. Samla syner dette oversynet kva kommunen har til disposisjon og kan fordele på dei ulike sektorane/rammeområda i året som kjem (til fordeling drift), samt kor mykje som er fordelt på sektorane/rammeområda (sum fordelt til drift). Til fordeling drift og Sum fordelt til drift skal i budsjettet vere like store, slik at ein budsjetterer med økonomisk balanse.

Skjema 1B:					
(Tal i 1 000 kr)	**Rekneskap**	**Rekneskap**	**Budsjett**	**Justert budsjett**	**Budsjett**
	2012	**2013**	**2014**	**2014**	**2015**
Midlar til fordeling	**357 975**	**366 598**	**379 646**	**375 625**	**380 022**
Rådmannen/stabsseksjonar	41 118	40 492	48 143	47 900	50 300
IKTNH	2 576	4 521	3 040	3 040	3 400
Oppvekst, undervisning og kultur	162 260	161 656	157 092	156 300	166 581
Helse, omsorg og sosial	151 288	156 276	155 837	155 035	153 600
Miljø og teknikk (eks sjølvkost)	20 793	19 371	18 416	18 230	19 200
Sjølvkostområda (gebyrfinansiert)	-4 876	-5 125	-5 600	-5 600	-5 700
Sum rammeområda	**373 159**	**377 191**	**376 928**	**373 105**	**387 381**
Sentrale postar	-12 066	-10 593	-7 681	7 680	-11 660
Lønsreserve	0	0	10 400	10 200	4 300
Sum skjema 1B	**361 093**	**366 598**	**379 647**	**375 625**	**380 021**
Meir-/mindreforbruk	**-3 118**	**0**	**0**	**0**	**0**

Ang budsjettskjema 1B:

Skjema 1B syner budsjettert rammeløyving til dei ulike sektorane i kommunen. I tillegg er det med Sentrale postar og Lønsreserve.

I Sentrale postar er det premieavvik for pensjon og mva-kompensasjon som er dei største postane. Sjå avsnittet om Sentrale postar på side 80.

Lønsreserve er ein sentralt avsett pott som skal nyttast til fordeling på rammeområda når lønsoppgjeret for 2015 er kjent.

Økonomisk oversikt drift

	Reknesk	Justert budsj	Budsjett
	2013	**2014**	**2015**
Driftsinntekter			
Brukerbetalinger	20 917 750	21 202 700	21 710 500
Andre salgs- og leieinntekter	31 069 705	27 697 200	27 741 400
Overføringer med krav til motytelse	92 776 769	89 435 285	92 741 397
Rammetilskudd	210 020 114	218 000 000	219 781 000
Andre statlige overføringer	5 603 370	4 650 000	5 650 000
Andre overføringer	366 750	75 000	75000
Skatt på inntekt og formue	157 028 217	161 000 000	166 100 000
Eiendomsskatt	14 198 303	19 205 000	16 800 000
Andre direkte og indirekte skatter	620 171	620 000	620 000
Sum driftsinntekter	**532 601 148**	**541 885 185**	**551 219 297**
Driftsutgifter			
Lønnsutgifter	284 854 213	287 820 610	295 208 192
Sosiale utgifter	79 513 251	87 632 075	85 174 465
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	80 279 882	76 837 603	80 612 812
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	44 824 299	50 611 564	55 693 346
Overføringer	35 053 239	31 688 100	24 698 451
Avskrivninger	18 363 315	19 000 000	19 000 000
Fordelte utgifter	-11 644 864	-17 994 267	-13 685 959
Sum driftsutgifter	**531 243 335**	**535 595 685**	**546 701 307**
Brutto driftsresultat	**1 357 813**	**6 289 500**	**4 517 990**
Finansinntekter			
Renteinntekter og utbytte	3 786 623	3 135 000	2 737 000
Gevinst på finansielle instrumenter	1 969 493	1 500 000	500 000
Mottatte avdrag på utlån	27 343	50 000	50 000
Sum eksterne finansinntekter	**5 783 459**	**4 685 000**	**3 287 000**
Finansutgifter			
Renteutgifter og låneomkostninger	10 878 366	10 000 000	12 600 000
Avdrag på lån	9 015 998	10 000 000	12 200 000
Utlån	108 987	80 000	-
Sum eksterne finansutgifter	**20 003 351**	**20 080 000**	**24 800 000**
Resultat eksterne finanstransaksjoner	**-14 219 892**	**-15 395 000**	**-21 513 000**
Motpost avskrivninger	18 363 315	19 000 000	19 000 000
Netto driftsresultat	**5 501 236**	**9 894 500**	**2 004 990**

	Reknesk	**Justert budsj**	**Budsjett**
Interne finanstransaksjoner	**2013**	**2014**	**2015**
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	-	-	-
Bruk av bundne fond	1 223 211	1 486 000	1 675 010
Bruk av likviditetsreserve	-	-	-
Sum bruk av avsetninger	**1 223 211**	**1 486 000**	**1 675 010**
Overført til investeringsregnskapet	1 313 602	-	-
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	2 853 130	11 300 000	-
Avsatt til disposisjonsfond	-	-	3 680 000
Avsatt til bundne fond	2 557 715	80 500	-
Avsatt til likviditetsreserven	-	-	-
Sum avsetninger	**6 724 447**	**11 380 500**	**3 680 000**
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	**0**	**0**	**0**

Ang økonomisk oversikt drift.

Denne budsjettoversikten er laga på grunnlag av detaljeringa av budsjettrammene som er gjort innanfor kvar sektor og dei ulike einingane/tenesteområda i kvar sektor.

Det er ein obligatorisk rapport i samband med budsjettutarbeiding og rekneskapsavslutning. Nøkkeltalet netto driftsresultat kjem fram i denne rapporten.

Det er verdt å merke seg at oversikten ikkje er ein del av rammeløyvinga som heradsstyret gjev til sektorane/rammeområda. Oversikten vil endre seg gjennom budsjettåret som følgje av eventuelle interne justeringar ved behov for det, innanfor gjeldande rammeløyvingar, og vil såleis kunne endre seg sjølv om ikkje rammeløyvingane endrar seg. Den vil sjølvsagt òg endre seg når, og dersom, det vert endringar i rammeløyvingane.